



Høgskulen
på Vestlandet



Årsrapport

2020

Innhald:

Kapittel I Styrets fråsegn	3
Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
Kapittel III Aktivitetar og resultat i 2020	12
Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda.....	46
Kapittel V Vurdering av framtidssikter.....	52
Kapittel VI Årsrekneskap.....	59

Kapittel I Styrets fråsegn

Den overordna ambisjonen for strategiperioden 2019-2023 er å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil, tufta på verdiane samspel, berekraft og nyskaping. Etter fire års drift er høgskulen på god veg til å realisere målsettinga om å bli ein sterk og tydeleg høgare utdanningsinstitusjon.

Universitetsambisjonen er boren fram av høge mål for utdanning, forskning og formidling, og legg difor viktige føringar for styret sitt arbeid. I 2020 har ein hatt merksemd på intern forankring og auka forståing i samfunnet rundt høgskulen for verdien av eit nytt, profesjons- og arbeidslivsretta universitet på Vestlandet.

Danne og utdanne høgt kompetente kandidatar til det beste for samfunnet

Høgskulen har høge ambisjonar for utdanningane våre, og har stor merksemd på utdanningskvalitet, gode studiemiljø og engasjerte studentar. I 2020 vart kvalitetssystemet godkjent av NOKUT, ein viktig milepåle på vegen mot universitetsstatus. Styret vedtok i november 2020 ein modell for merittering av undervisning. I tillegg til betra kvalitet, ønsker ein med dette også å styrke statusen til undervisning, rettleiing og vurdering.

Det er eit sentralt mål å auke studenttrivsel og sikre at studentane får eit godt og relevant utdanningstilbod. Til tross for at pandemien har medført ein del utfordringar i 2020, er resultatane på parameter knytt til utdanningane stort sett gode. Talet på studentar som gjennomfører utdanninga på normert tid ligg framleis over det nasjonale snittet og det same gjeld studiepoengproduksjon per fagleg tilsett. Høgskulen sin kandidatproduksjon er også framleis samla sett godt over kandidatmåltala på dei fleste helse – og lærarutdanningane. 2020 var eit rekordår for opptak til høgare utdanning, og høgskulen har framleis ein stabil marknadsdel på 5,6%. Det vert arbeidd målretta for å betre resultatane der høgskulen har utfordringar. Til dømes er det framleis utfordringar knytt til grunnskulelærarutdanningane og enkelte av ingeniørutdanningane. Resultata frå Studiebarometeret viser også at høgskulen ligg noko under det nasjonale snittet på fleire område.

Utdanningstilboda våre må vere relevante for, og svare godt på, behova i samfunns-, arbeids- og næringslivet rundt oss, både når det gjeld kva kompetanse som vert etterspurd, men også korleis utdanningane er lagt opp. Det er mellom anna stor trong for utdanningar på universitets- og høgskulenivå som let seg kombinere med heil- eller deltidsarbeid. Høgskulen si satsing på livslang læring vart enda meir aktuell i 2020 sidan mange stod utan arbeid, og det har blitt oppretta fleire utdanningstilbod med fleksibel innretting.

Forskning, utvikling og innovasjon av høg internasjonal kvalitet

Doktorgradsprogramma er attraktive og det er ei jamn auke i talet på studentar som vert tekne opp. Universitetsakkreditering krev tilfredsstillande opptak og gjennomstrøyming på doktorgradsprogramma. Den positive trenden for opptak av ph.d.-kandidatar frå 2019 har halde fram, og gjeld også dei nye programma som vart etablert i 2019 og 2020 (ph.d.-studiet *Helse, funksjon og deltaking*, ph.d.-studiet *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling*). Det er i år gjennomført seks disputasar (4 på ph.d. studiet *studiar av danning og didaktiske praksisar* og to på ph.d.-studiet *i datateknologi*).

Den målretta rekrutteringa av tilsette med første- og toppkompetanse, og satsinga på doktorgradsprogramma har bidratt til auka publisering. Målalet for vitskapleg publisering for 2020 vart nådd i 2019, og ein er på god veg mot å nå målet om eitt publiseringspoeng per fagleg årsverk i 2025. Utviklinga er generelt positiv når det gjeld eksternt finansiert forskning, internasjonalisering og innovasjon. Nye løyvingar frå Forskningsrådet og DIKU dei siste åra gjer at denne aktiviteten, og inntektene, er jamt aukande. EU-tildelingar er også i positiv utvikling, særleg innan Erasmus+.

For å styrke forskinga ved høgskulen tildelte styret i 2020 50 millionar til utvalde forskingsmiljø med spesielt gode føresetnader for å lukkast i Horisont Europa. I tillegg til å auke prosjektomfang og vitskapeleg publisering, skal løyvinga styrke forskingskulturen og auke internasjonalt samarbeid gjennom professor II-stillingar.

I perioden 2019-2020 har høgskulen hatt fleire tiltak for å styrke internasjonaliseringa. Det har vore prosjekt retta mot mobilitet for tilsette og studentar, internasjonalisering av studieprogram, rekruttering og integrering, og internasjonal synleggjering og internasjonalt forskingssamarbeid. Grunna pandemien vart nokre av dei definerte tiltaka forsinka, mens andre, til dømes satsinga på virtuell utveksling, fekk forsterka merksemd.

Trass i pandemien har det vore god aktivitet rundt innovasjon og kommersialisering. Ein har satsa vidare på ordningar som legg til rette for studententreprenørskap. Ein har dertil arbeidd med ny politikk og retningslinjer for immaterielle rettar (IPR), som skal gi gode og føreseielege rammevilkår for innovasjonsarbeidet ved høgskulen.

Formidling og samhandling med samfunnet

Høgskulen har i 2020 arbeidd systematisk med å formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse frå alle fakulteta. Retningslinjer knytt til Open Access og Open Data skal bidra til å gjere forskinga ved institusjonen så synleg og tilgjengeleg som mogleg for omverda.

Høgskulen arbeider for å styrke praksisnær utdanning og forskning- og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverks-samarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet. Klyngene som er lokalisert på Vestlandet er i verdensklasse, og gir partnarane, som kvar for seg er ulike i sysselsetting, omsetning og næringsprofil, styrka innovasjonsevne og konkurransekraft under klyngestrukturen. I tillegg har høgskulen eit breitt samarbeid med ei rekke klynger og nettverk med føremål å bidra til bedriftsutvikling, inkubasjon og kommersialisering.

Tildelingar frå DIKU og Kompetanse Norge det siste året har gitt handlingsrom til nytenking, utvikling av studieporteføljen og realisering av samarbeid med klynger, nettverk og verksemder. Deltaking i strategiske møteplassar og fakulteta sin dialog med regionalt samfunns-, arbeids og næringsliv er viktig for å sikre at utdanningstilbodet vårt er i tråd med det samfunnet treng. Realisering av kompetansereforma og livslang læring er også høgt på dagsorden i høgskulen. I 2020 vart ei prosjektgruppe etablert for å sjå nærare på korleis høgskulen kan vere den føretrekte samarbeidspartnaren med høge ambisjonar om regional utvikling.

Bygging av institusjonen

Høgskulen skal vere ein lærande og effektiv organisasjon, og det går føre seg kontinuerleg utviklingsarbeid i faglege og administrative einingar for å understøtte dette. Det har i 2020 vore fokus på innføring av prosjekt- og porteføljestyring. Det har vore gjennomført leiarutviklingstiltak med vekt på leiing i det digitale rommet, digitalisering og berekraft som strategiske endringsdrivarar for verksemda, samt utfordringane og mogelegheitene den nye digitale kvardagen gir for leiing og samarbeid. Styret er oppteken av at dei tilsette skal ha eit godt arbeidsmiljø generelt, og under pandemien spesielt. Pandemien viste at høgskulen hadde robuste digitale løysingar på plass, og tilstrekkeleg fleksibel bemanning til å møte dei mest presserande endringane. På mange måtar har 2020 bidrege til å flytte organisasjonen mange steg når det gjeld enkel digitalisering.

Delen tilsette med førstekompetanse auka med knapt 2% frå 2019 til 2020 og ein har halde fram med satsing på kompetansebygging og strategisk rekruttering. Høgskulen er på god veg mot å nå målet om at 65% av dei faglege årsverka vert utført av tilsette med førstekompetanse innan 2025. Det er likevel utfordringar knytt til rekruttering til fagstillingar innanfor enkelte mindre fagmiljø. Det er kjønnsbalanse i ordinære dosent- og professorstillingar, og talet på kvinner i toppstillingar auka i 2020. Den nye handlingsplanen for likestilling, mangfald og inkludering skal vere med å bidra til å oppretthalde dette. Målretta rekruttering

og kompetanseutvikling er her viktige tiltak. Talet på midlertidig tilsette i undervisnings- og forskarstillingar har gått ned.

Fusjonsavtalen la tydelege føringar for at styrking og vidareutvikling av dei fem campusane er ein føresetnad for at ein skal lukkast med å vere ein høgskule for heile Vestlandet. Det har vore sterk merksemd mot å løyse ut det potensialet som ligg i å vere ein fleircampus-institusjon og løyse dei utfordringane det ber med seg. Prosessane ved dei einskilte campusane skal resultere i tydelege planar for korleis dei fem campusane kan underbygge dei faglege ambisjonane. Samla sett vil dette utgjere kunnskapsgrunnlaget for ein overordna campusstrategi. Ein har sett i gang eit arbeid der fagmiljø, tilsette, studentar og tillitsvalde saman med eksterne aktørar arbeider med å kartlegge utfordringsbilete og utviklingsområde på dei ulike campus. Ei slik nedanfrå-og-opp-tilnærming legg til rette for at ein utviklar campusane vidare med utgangspunkt i dei styrkane dei allereie har, og legg grunnlaget for at HVL skal halde fram med å vere ein relevant og føretrekt samarbeidspartnar for samfunns-, nærings- og arbeidsliv over heile Vestlandet.

2020 har vore eit år utanom det vanlege. Både studentar og tilsette har måtta tilpassa seg ein ny kvardag på kort tid, noko styret forstår har vore krevjande. Mange tilsette har brukt mykje tid på omlegging til digital undervisning. Dette er tid som elles ville vore nytta til annan aktivitet, til dømes forskning og publisering. Ein må vere budd på å sjå fleire effektar av pandemien i åra som kjem. Styret har vore uroa for studentane i denne perioden og har derfor hatt spesiell merksemd på dei. Tal frå studiebarometeret viser mellom anna at studentane saknar sitt fysiske læringsmiljø. Trass i dei utfordringane pandemien har gitt, både for tilsette og studentar, viser tala i årsrapporten at ein har greidd å halde oppe framdrifta på dei måla vi jobbar mot. Styret ønsker å anerkjenne korleis tilsette og studentar har handtert den spesielle perioden høgskulen har vore gjennom. Framover blir det viktig å løyse dei utfordringane og nytte dei moglegheiter pandemien fører med seg.

Styret tilsette i 2020 Gunnar Yttri som ny rektor for åremålsperioden 2021-2024. Styret takkar Berit Rokne for hennar store innsats som Høgskulen på Vestlandet sin første rektor.

Dei viktigaste prioriteringane for åra framover

I strategien er det vedtatt fire innsatsområde for perioden, som krev særskild merksemd for at vi skal kunne nå måla våre. Desse innsatsområda er:

- Kompetansebygging
- Organisasjonsutvikling og samhandling
- Internasjonalisering
- Digitalisering

Styret er oppteken av å sikre økonomisk handlingsrom i eit langsiktig perspektiv for å realisere gevinstane og potensialet som ligg i innsatsområda. For å oppnå det må ein sikre god student-rekruttering på bachelor, master og ph.d.-utdanningar, god gjennomstrøyming og høg forskingsproduksjon og auke i dei eksterne inntektene.

I 2021 vil styret ha særskild merksemd på

- Universitetsambisjonen
- Studentrekruttering og gjennomstrøyming, inkl. særlege utfordringar knytt til studentane sitt læringsmiljø i kjølvatnet av pandemiltaka
- Livslang læring
- Auka eksternfinansiering
- Campusutvikling
- Internasjonalisering
- Gjennomgang av strategi for perioden 2019-2023
- Økonomioppfølging

Årsrapport 2020 Høgskulen på Vestlandet


Vidare vil styret følge tett med på dei nasjonale føringane ein ventar å få i mellom anna arbeidslivsrelevansmeldinga, stortingsmelding om styring av universitet og høgskular og ny universitets- og høgskulelov.

Dato
10.03.2021


Arvid Hallén (styreleiar)




Aina Berg



Trond Ueland




Hege Økland



Joar Sande



Tina Åsgård




Ragnar Gjengedal



Kristin Ådnøy Eriksen



Tone Skjerdal



Mari Ingeborg Bjør Hognestad



Bjørn Olav Østeby



Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart etablert 1. januar 2017, då Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund fusjonerte. Høgskulen har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitskap, ingeniør- og maritime utdanningar, lærar-, kultur- og idrettsfag, natur- og samfunnsvitskap, og økonomi og leing. Høgskulen har i underkant av 16 240 studentar og omlag 1 797 årsverk.

Departementstilhøyring, tilknytingsform og samfunnsoppdrag

HVL er underlagt Kunnskapsdepartementet (KD) og er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Samfunnsoppdraget vårt er å leggje til rette for at alle deltar i arbeids- og samfunnslivet, alle har den kompetansen dei sjølve og samfunnet treng, og samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet. I tildelingsbrevet for 2020 konkretiserte KD korleis samfunnsoppdraget skulle løysast, gjennom prioriteringar, forventningar og mål. Det var i tillegg presisert at statlege universitet og høgskular sjølve skal fastsetje eigne verksemdsmål og relevante styringsparameter som viser til institusjonen sin profil og utviklingsstrategi. I 2020 blei utviklingsavtalen med KD reforhandla. Den nye avtalen er gjeldande frå 2021 og ut 2022. I denne årsrapporten kommenterer vi derfor på «gammal» avtale.

I 2018 vedtok høgskulestyret ein overordna strategi for perioden 2019-2023. I tillegg har det blitt utarbeidd eigne verksemdsmål, samt at fakulteta har vedtatt eigne fakultetsstrategiar som byggjer opp under strategien.

Høgskulen har ein overordna ambisjon om å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil innan 2023. Vegval, verdiar, satsingsområde og mål i strategien peikar mot at ein i utdanning, forskning og utviklingsarbeid skal skape ny kunnskap og kompetanse, forankra internasjonalt og omsett til løysingar som verkar lokalt.

Med fem campusar fordelt på store delar av vestlandet og eit breitt spekter av arbeidslivsretta utdanningar på både bachelor-, master- og ph.d.-nivå, samt eit uttalt ønske om å vere ein pådrivar i utviklinga av vestlandsregionen, har høgskulen gode føresetnader for å vere ein betydeleg bidragsytar til dei overordna sektormåla.

Lokalisering, toppleing og overordna organisasjonsstruktur

Lokalisering

Høgskulen er organisert i fire fakultet og har undervisning og FoU-verksemd på fem campusar i Vestland og Rogaland fylke. Dei fem campusane er Førde, Sogndal, Bergen, Stord (Vestland fylke) og Haugesund (Rogaland fylke).

Dei fire fakulteta er:

- Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI): Ca. 6073 studentar og 542 årsverk på campus Sogndal, Bergen og Stord
- Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS): Ca. 4652 studentar og 372 årsverk på campus Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund

Hovudtal 2020:

Årsverk: 1797

Registrerte studentar: 16 240

Totale driftsinntekter: kr
2 310 910 000

Total tildeling frå KD og andre departement: kr 2 037 196 000



- Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN): Ca. 3213 studentar og 348 årsverk på campus Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
- Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS): Ca. 2304 studentar og 129 årsverk på campus Sogndal, Bergen og Haugesund.

Alle fakulteta har store profesjonsutdanningar, til dømes lærarutdanningar, sjukepleiarutdanningar, helse- og sosialfaglege utdanningar, ingeniørutdanningar og økonomisk-administrative utdanningar, og har dessutan tilbod på både bachelor- og masternivå. I tillegg har tre fakultet (FHS, FIN og FLKI) eigne ph.d.-program, medan eitt fakultet (FØS) er vertsfakultet for ein felles ph.d.-grad for høgskulen i tillegg til at dei deltar i ein felles ph.d.-grad med andre institusjonar.

På DBH sine nettsider finn ein eit breitt spekter av statistikk og anna informasjon knytt til høgskulen.

Toppleiing


Styret er det høgste avgjerande organet ved Høgskulen på Vestlandet. Høgskulestyret har ansvar for at all verksemd held høg kvalitet og skal sikre effektiv drift i samsvar med dei lovar og reglar, rammer og mål som sentrale styremakter har laga. Nytt styre var på plass 1. august 2019, og det har 11 medlemmar. Styreleiar og tre andre styremedlemmar er eksterne medlemmar peika ut av KD.

Rektor er tilsett og har det øvste faglege og administrative ansvaret. I strategisk leiargruppe sit rektor, tre prorektorar, to direktørar og fire dekanar. Styret tilsette i 2020 ny rektor for åremålsperioden 2021-2024.




Rektorskifte: Berit Rokne (t.h.), høgskulens første rektor, gjekk av ved årsskiftet 2020-2021. I september tilsette høgskulestyret Gunnar Yttri (t.v.) som høgskulens nye rektor. Yttri kom frå stillinga som førsteamanuensis ved Institutt for samfunnsvitskap ved HVL, og var inne i sin andre periode som medlem av høgskulestyret då han blei tilsett.

Overordna organisasjonskart




Fellesadministrasjonen




Fakulteta sine organisasjonskart


Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett




Fakultet for helse- og sosialvitenskap



Fakultet for ingeniør- og naturvitskap



Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap



Kapittel III Aktivitetar og resultat i 2020

Overordna strategiske mål

Dei overordna, strategiske ambisjonane er å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil, og at høgskulen i utdanning, forskning og utviklingsarbeid skapar ny kunnskap og kompetanse, som er forankra internasjonalt og omsett til løysingar som verkar lokalt. I strategien er det gjort greie for våre vegval og prioriteringar både for å nå strategiske ambisjonar, og for å løyse det samfunnsoppdraget høgskulen har som utdanningsinstitusjon.

Knytt til strategien har høgskulen ein målstruktur med to overordna verksemdsmål, og til saman åtte verksemdsmål fordelt på fire strategiområde;

- 1) danne og utdanne høgt kompetente kandidatar til det beste for samfunnet
- 2) drive forskning, utviklingsarbeid og innovasjon av høg internasjonal kvalitet
- 3) formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse
- 4) bygging av institusjonen.

I dette kapitlet er det lagt opp til ein struktur der verksemdsmåla er sett saman med sektormål og måla i utviklingsavtalen, til det vi kallar *målbilete*. Målbileta er sortert inn under dei fire strategiområda. Denne strukturen går igjen både når vi her rapporterer om resultat og i kva grad vi når mål, og i seinare kapittel om framtidsutsikter, prioriteringar og risiko.

Vi startar med dei overordna verksemdsmåla og går deretter gjennom strategiområde for strategiområde.

1. Høgskulen på Vestlandet skal bli eit universitetet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil tufta på samspel, berekraft og nyskaping.

Det overordna strategiske målet er å bli eit universitetet i 2023. Gjennom å satse meir på FoU knytt til dei utdanningane vi driv, gjer vi dei oppdaterte og relevante for arbeidslivet. Med sine fem campusar står høgskulen godt til for å bidra til innovasjon, utvikling og omstilling av arbeids- og næringslivet i Vestlandsregionen. Kjenneteiknet skal vere praksisnær forskning og relevante utdanningar, attraktive for studentar og arbeidsgivarar.

2. Dei felles faglege satsingsområda skal styrkje den profesjons- og arbeidslivsretta profilen og vere gjennomgåande perspektiv i utdanning, forskning, formidling og samhandling.

Dei sju felles faglege satsingsområda i strategien er;

- Ansvarleg innovasjon
- Berekraftig utvikling
- Danning
- Folkehelse
- Profesjons- og arbeidslivsretting
- Sikkerheit
- Teknologi

Desse vil bli omtalt implisitt under dei ulike strategiområda.

2020 har vore eit år utanom det vanlege. Både studentar og tilsette har måtta tilpasse seg ein ny kvardag med nye arbeidsmetodar på kort tid. Omlegging til digital undervisning har medført meirarbeid og gått ut over annan aktivitet. Dette gjer at ein fryktar å sjå effektar av pandemien i åra framover. Trass utfordringane, viser årsrapporten mange gode resultat.

Strategiområde 1: Danne og utdanne høgt kompetente kandidatar til det beste for samfunnet

Målbilete

Dei ønska brukar- og samfunnseffektane innanfor dette området er at:

- Alle deltar i arbeids- og samfunnsliv.
- Alle har den kompetansen dei sjølve og samfunnet treng.

Vidare er dei ønska resultatata for å skape desse effektane:

- Høg kvalitet i utdanninga.
- Utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling.
- God tilgang til utdanning.

For å nå resultatmåla, har vi arbeidd etter to verksemdsmål, som er utleidd av strategien og tre mål i utviklingsavtalen. Vi har valt å gjere greie for aktivitetar og resultat samla, under desse fem delmåla.

Verksemdsmål:

1. HVL skal vere kjend for å ha studentar som trivst og lukkast.
2. HVL utdannar kritisk reflekterte kandidatar som er attraktive for arbeids- og samfunnsliv regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Relevante mål for HVL i utviklingsavtalen med KD:

3. HVL skal utvikle framtidsretta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.
4. HVL skal gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv og skal aktivt trekkje studentane inn i samarbeidet med forskings- og arbeidsliv på Vestlandet gjennom studentoppgåver.
5. HVL skal samarbeide med Universitetet i Bergen (UiB) om lærarutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Samarbeid om FoU og vidareutdanning skal utviklast vidare.

Oppnådde resultat på nasjonale styringsparameter og måleparameter i utviklingsavtalen:

Relevante nasjonale styringsparameter:	Resultat 2019	Resultat 2020
Prosentdel studentar på bachelorutdanning som gjennomfører på normert tid	57,94 %	57,53 %
Prosentdel studentar på masterutdanning som gjennomfører på normert tid	55,49 %	52,99 %
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	32,88	31,91
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	3,93	3,91
Tal på studiepoeng per fagleg årsverk	569,01	577,65
Prosentdel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totalt tal studentar	0,65 %	0,21 % ¹
Kandidattal på helse- og lærarutdanningar	2 011	1 934

Tabell 1: Nasjonale styringsparameter strategiområde 1

¹ Pga pandemien vart all utveksling avlyst hausten 2020, sjå nærare omtale under Studentmobilitet og internasjonalisering heime, s.16.

Relevante måleparameter/milepålar i utviklingsavtalen:	Resultat 2019	Resultat 2020
Talet på vurderingsordningar med digitale løysingar	55,6 %	83,5 % ²
Talet på tilsette med formell pedagogisk basiskompetanse		Sjå s.16
Talet på nettstøtta utdanningar	13 (475 studentar)	15 (577 studentar)*
Talet på bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med arbeidslivet	438	460
Arbeid og framdrift i etablert samarbeidsorgan mellom HVL og UiB		Sjå s.20

Tabell 2: Måleparameter utviklingsavtalen strategiområde 1

*I tillegg er det fleire nettstøtta utdanningar utan registrerte studentar hausten 2020

Oppsummering av i kva grad høgskulen har nådd sine mål

HVL skal vera kjent for å ha studentar som trivast og lukkast

Det vert gjennomført mange tiltak for å sikre at studentane skal ha eit godt læringsmiljø, og i 2020 vedtok Læringsmiljøutvalet handlingsplan for inkluderande læringsmiljø, der ein har fastsett ulike satsingsområde og løftar fram forskjellige tiltak innan alle delar av studentane sitt læringsmiljø, både fysisk, psykososialt, pedagogisk, organisatorisk og digitalt. På våren lanserte høgskulen nettsida «Eksamenskoden» i samarbeid med studentsamskipnaden, dette er ei ressurside med ulike kurs og hjelpevideoar som skal gi støtte og råd til studentane for at dei betre skal meistre eksamen.

Prosentdelen som gjennomfører på normert tid ligg godt over det nasjonale snittet både på bachelor og master. Vi ser likevel ein nedgang samanlikna med resultatane våre frå 2019, særskilt på masterutdanningane. Ein stor del av forklaringa her skuldast studentar som tar vidareutdanning innan helse (ABIOK), som vert tatt opp og registrert som studentar på toårig masterprogram, men som ikkje har hatt intensjon om å fullføre heile graden. Dette vil bli følgt opp for å sikre at vi i framtida unngår at desse studentane blir ein del av gjennomføringsstatistikken. I tillegg ser vi at eit par av våre masterprogram har utfordringar med gjennomføring og fråfall undervegs, men dei aller fleste masterprogramma våre har likevel ein høg grad av gjennomføring, også i «pandemiåret» 2020.

Høgskulen ligg også over det nasjonale snittet på studiepoengproduksjon per fagleg årsverk, som har auka samanlikna med året før. Det har dessutan vore vekst i studiepoengproduksjon per student (heiltidsekivalent).

Resultat frå Studiebarometeret

Høgskulen går litt ned på den nasjonale styringsparameteren *Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten*, eller overordna tilfredsheit, frå 3,93 i 2019 til 3,91 i 2020³. Dette er litt under det nasjonale snittet på 4,0, men med tanke på den spesielle situasjonen studentane hadde i 2020, og at også svarprosenten har gått ned, er høgskulen nøgde med at resultatet likevel er så stabilt.

Den eigenrapporterte tidsbruken har som i det nasjonale snittet gått ned, frå 32,9 timar i 2019 til 31,9 timar i 2020. Studentane har rapportert om mindre timar med læringsaktivitetar organisert av institusjonen samanlikna med 2019, samtidig som timar på «eigenstudiar» har auka. Dette er ein gjennomgåande trend i større eller mindre grad på alle fire fakulteta, og kan såleis tyde på at vi ikkje har greidd å erstatte all den tradisjonelle fysiske undervisninga med like mykje organiserte digitale aktivitetar, og at studentane dermed har måtte bruke meir tid på sjølvstudium.

² Tilnærma alle skriftlege skuleeksamenar vart gjort om til digitale eksamenar etter mars 2020, sjå nærare omtale under Digitale verktøy og digital vurdering, s.17.

³ Resultata går på skalaen 1 – Ikke tilfreds til 5 – Svært tilfreds

Studentrekruttering

2020 vart eit rekordår for tal søkarar via Samordna Opptak, sannsynlegvis på grunn av pandemien og usikre jobbsituasjonar. Høgskulen sin marknadsdel i samordna opptak er stabil, og ligg på 5,6%. Spesielt sjukepleiarutdanningane og bachelor i økonomi og administrasjon har stabile og gode søkartal. Det er framleis størst utfordringar knytt til rekruttering på grunnskulelærerutdanningane og enkelte av ingeniørutdanningane. Nedgang i søkartal til grunnskulelærer er ein nasjonal trend. Rekrutteringsarbeidet har vore ein blanding av digital marknadsføring og direkte samtalar med potensielle søkarar, både gjennom besøk på vidaregåande skular, opne dagar på campus og nasjonale og lokale utdanningsmesser. Etter pandemiutbrotet har den digitale delen naturleg nok blitt prioritert, der vi kombinerer betalte annonser på nett og i sosiale medium med rekrutteringstiltak frå eigne plattformer. På Instagram har vi mellom anna lukkast med å nå potensielle studentar ved at noverande studentar har vist fram glimt frå studiekvardagen og campus, og svart på spørsmål om korleis det er å vere student ved høgskulen.

Rekrutteringsundersøkinga vart sendt ut til nye studentar hausten 2020, der dei både svarte på spørsmål om korleis studentane kom fram til utdanningsvalet sitt, og kvifor dei valte å studere ved HVL. I tillegg var det ein eigen del med spørsmål om studiestarten. Det vart også gjennomført fokusgruppeintervju med nokre av respondentane på kvart campus. Spørjeundersøkinga har diverre hatt låg svarprosent men vi ser samstundes at resultatane harmoniserer med resultatane frå fjorårets undersøking og med intervjuane. Familie og vener er framleis den viktigaste kjelda for potensielle studentar både når det gjeld kjennskap til høgskulen og sjølve utdanningsvalet. Fagleg kvalitet er også ein vesentleg faktor i avgjersla for studentar på alle campusane, medan det er nokre forskjellar i kva som blir vektlagt mest av andre faktorar mellom dei forskjellige campusane. Det kjem tydeleg fram at tidlegare og noverande studentar er våre fremste ambassadørar, og vert oppfatta som dei mest autentiske og truverdige kjeldene til informasjon.

Studentkommunikasjon

I 2020 vart «Studentkommunikasjonsprosjektet» sett i gong. Det blei oppretta ei arbeidsgruppe med mandat til å utvikle ein kanalpolicy for studentkommunikasjon. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå alle fakultet og nærregionar, samt ein representant frå Studenttinget. For at studentkommunikasjonen skal halde høg kvalitet, må det skiljast mellom vesentleg og mindre vesentleg informasjon, og det må vere tydeleg kvar studentane skal gå for å finne ulik type informasjon. Ein har kartlagt utfordringar og løysingar knytt til dei kanalar og system som er i bruk i dag. Arbeidet har resultert i ei kanaloversikt med oversikt over kva type informasjon som skal publiserast i dei ulike kanalane, samt ei oversikt over systemeigarar for dei ulike kanalane. Gruppa oppmodar at det i vidare arbeid utarbeidast tydelege kommunikasjonsmål for dei ulike kanalane, i samarbeid med kanaleigarane.

Satsing på førsteårsstudentane

Det har gjennom året vore eit ekstra fokus på førsteårsstudentane, noko som vart ytterlegare forsterka av pandemien. Piloten på det nye emnet «Danning og akademisk handverk» vart gjennomført for første gang hausten 2020, med ein felles emneplan og læringsressursar på tvers av fakultet, institutt og studieprogram, samtidig som ein kan spisse fokusområda ut frå særtrekka til den enkelte utdanning. Sentrale tema innanfor «dannings-omgrepet» har mellom anna vore berekraft, samarbeid og kommunikasjon, profesjon og samfunn og etikk, i tillegg til ekstra fokus på studieteknikk og akademisk skriving innanfor «akademisk handverk». Tilbakemeldingane både frå involverte fagtilsette og studentar har generelt vore gode, og introduksjonen til akademisk handverk som grunnleggjande og viktige ferdigheiter for både vidare studiar og for arbeidslivet gjennom eit emne med studiepoeng, har verka motiverande for studentane.

Pilotprosjekt mentorordning for førsteårsstudentar

Haustsemesteret starta vi eit pilotprosjekt for mentorordning ved to institutt. Studentmentorane har mellom anna hatt opplegg om studiemestring og studieteknikk, og samlingar med oppgåveløysing og eksamenstips. Mentorane har særskilt vore opptekne av at struktur i studiekvardagen er eit viktig felt dei kan bidra på for førsteårsstudentane. Sidan dette var ei ny ordning, og ikkje alle var like godt kjent med det, har det vore litt varierende oppmøte på aktivitetane. I tillegg har det vore vanskeleg å finne tidspunkt som passar for både mentorane og førsteårsstudentane. Tilbakemeldingane er likevel at dette har vore eit viktig bidrag til sosial og fagleg inkludering for dei som har prioritert å delta.

Studentmobilitet og internasjonalisering heime

Det har vore ein auke i talet på utreisande utvekslingsstudentar i perioden 2017-2019. Søkartala vårsemesteret 2020 viste ein auke på 38% frå førre år, men som eit resultat av pandemien vart all utveksling for hausten avlyst, og vi kan dermed ikkje seie noko om kor nær ein hadde vore målet inneverande år.

Då regjeringa i mars bad alle som var i utlandet om å reise heim var 159 studentar på utveksling på opphald over 3 månadar. Av desse var 46 Erasmus-studentar. I tillegg til dette var det 14 studentar ute på kortare opphald. Eit omfattande arbeid med å hente heim utvekslingsstudentane og å sørge for at dei fekk planlagt progresjon dette semesteret vart sett i gang, og innan 10 dagar var alle studentane tilbake i Noreg. Nokon studentar fullførte utvekslingsopphaldet digitalt, andre fekk tilpassa opplegg ved høgskulen. Ein student reiste tilbake til den Europeiske partnaren og fullførte der då det vart mogeleg.

Pandemien opna også for nye mogelegheiter og den første piloten innan COIL (Collaborative Online International Learning) blei gjennomført våren 2020. COIL er ein del av høgskulen sitt fokus på internasjonalisering heime og er strategisk forankra.

Kandidatmåltal og funn frå kandidatundersøking

Høgskulen sin kandidatproduksjon er framleis samla sett godt over kandidatmåltala på dei fleste helse – og lærarutdanningane. Likevel er det framleis utfordringar med å nå måltala på studieprogramma teiknspråk og tolking og faglærarutdanning i musikk. Her har det blitt innført fleire konkrete tiltak, med endra organisering av studieprogrammet på teiknspråk og tolking, og fordeling av studieplassar mellom campus Stord og Bergen på faglærer i musikk. Endringane vart sett i verk frå og med 2020- kullet, og vi håpar dette vil ha positive utslag for kandidatproduksjonen på sikt. I 2020 når vi heller ikkje kandidatmåltalet på fysioterapiutdanninga, og det har vore litt fråfall undervegs på dette kullet. Så langt høgskulen kjenner til skuldast dette tilfeldigheiter, men vi vil likevel følgje med for å sikre at nedgangen her ikkje held fram. Det har vore reduksjon i tal kandidatar på helse- og lærarutdanningane totalt samanlikna med 2019. Dette skuldast i hovudsak at nokre utdanningar ikkje har opptak kvart år. Det vil derfor vere naturleg med svingingar i kandidatproduksjonen.

I samarbeid med SamanKarriere, UIB og NHH, har vi hausten 2020 gjennomført ei kandidatundersøking blant dei som var ferdig med utdanninga si ved dei tre institusjonane i 2018. Undersøkinga viser at høgskulen sine kandidatar er veltilpassa på arbeidsmarknaden, både med låg del av arbeidsløyse, og 90% av respondentane opplever at dei har ein relevant jobb. I tillegg har det for dei aller fleste tatt kort tid å skaffe seg relevant arbeid etter fullført utdanning. Det er nokre forskjellar mellom fakulteta, der ein ser at delen arbeidsledige eller permitterte er høgast for kandidatar frå Fakultet for ingeniør- og naturvitskap. Samtidig har delen her gått ned sidan sist undersøking.

Utdanningsfagleg kompetanse

Hausten 2020 starta 48 tilsette på kvalifiseringskurs i høgskulepedagogikk. Kurset blei lagt om frå å vere samlingsbasert til nettbasert, og deltakarane skal etter planen vere ferdig våren

2021. I tillegg starta ein opp med fagdidaktiske modular i Pedagogisk mappe og digitale verktøy. Desse modulane utgjer delar av den valbare delen av kvalifiseringa i høgskulepedagogikk der deltakarane skal velje 5 modular dei vil fordjupa seg i. Til saman 9 modular er planlagt for vårsemesteret. Sjølv om arbeidet er forsinka som resultat av pandemien er 48 deltakarar inne i eit pågåande kvalifiseringsløp mens omlag 35 vart kvalifiserte i løpet av året.

Digitale verktøy i læring og undervisning

I samband med nedstenginga i mars, sette pandemien stor preg på bruken av digitale verktøy i undervisninga, då «alle» på kort tid vart kasta ut i digital undervisning som alternativ til fysiske forelesningar. Den nyetablerte Avdeling for utvikling av læring og undervisning fekk ei viktig koordinerande rolle for å rigge fakulteta for nettbasert undervisning, mellom anna ved å produsere ei rekke videoressursar og designe enkle opplæringstilbod for lærarar på nett. Trass leveringsvanskar knytt til teknologi og nedstenginga av campus Bergen, fekk faglærarar likevel komme i gong med utforskinga av den nye læringslaben og moglegheitene den gir i utvikling av læring og undervisning for studentane. Høgskulen har inngått avtale med Bergen kommune knytt til felles drift av læringslaben. Kommunen legg all si kursing av lærarar til lokala og utstyrer lokala for dette. Høgskulen får bruke kommunen sitt utstyr, noko som gir grunnlag for vidare utvikling og samarbeid. Tilbodet med egne læringslabar blir utvida til fleire av dei andre studiestadane i 2021.



Pris for utdanningskvalitet: Høgskolelektor Irina Pavlova fekk utdanningskvalitetsprisen for 2020. Pavlova jobbar ved Institutt for samfunnsvitskap, og er emneansvarleg for praksisemnet «Arbeidslivsretta sosiologi», og det er særleg i dette faget ho har vist sine kreative og organisatoriske evner ifølge nominasjonen. I fagjuryen si grunngeving vert det mellom anna trekt fram at Pavlova har etablert ein obligatorisk praksisperiode i eit disiplinfag. Dette har vakt oppsikt nasjonalt, og Pavlova har synleggjort HVL innanfor eit av satsingsområda til HVL, nemleg profesjons- og arbeidslivsretting.

Digital vurdering

Etter mars måtte alle skriftlege skuleeksamenar bli gjort om til digitale vurderingsformer, anten som oppgåve, heimeeksamen, eller digitale munnlege eksamenar. Dette var også hovudregelen for eksamenane på hausten, der berre eit fåtal vart arrangert fysisk på campus. Dette synest naturleg også att i statistikken for digital skriftleg eksamen, men det er vanskeleg å samanlikne desse tala med tidlegare år, sidan omstenda i 2020 var så spesielle.

Utvikle og forbetre kvalitetssystemet

Høgskulen har jobba med vidareutvikling av system for arbeid med kvalitet i utdanningane, mellom anna med utarbeiding av fleire felles prosessar, system og malar for ulike delar av kvalitetsarbeidet. Dokumentasjon i tråd med merknadane frå NOKUT- tilsynet i 2019 blei sendt før sommaren 2020, og vi fekk ny rapport frå den sakkunnige komitéen i oktober. NOKUT- styret handsama rapporten i møte 17. desember 2020, og godkjente høgskulens kvalitetsarbeid i tråd med innstillinga til den sakkunnige komitéen.

Fleksible utdanningstilbod

Høgskulen har fleire utdanningar som er innretta fleksibelt, særskilt på masternivå der mange program er lagt opp som deltidsprogram med ein kombinasjon av nett- og samlingsbasert undervising. Hausten 2020 starta vi også opp det første bachelorprogrammet som var heilt nettbasert, bachelor i historie, som hadde svært gode søkartal.

Fleire nye masterprogram vart også godkjent i løpet av året, med oppstart i 2021. Felles for desse er at dei er deltidsutdanningar som er fleksibelt innretta. Til dømes startar to nett- og samlingsbaserte masterprogram innan lærarutdanning opp i januar 2021, master i didaktiske praksisar og master i praktisk utdanningsvitenskap. I tillegg etablerte høgskulestyret ein master i profesjonsfagleg digital kompetanse, som skal lysast ut i 2021. Dette er ein fellesgrad i samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge. Fakultet for helse- og sosialvitenskap har utarbeidd tre nye masterprogram på deltid som er nett- og samlingsbasert, som også har første opptak hausten 2021. Dette er master i familieterapi og relasjonelt arbeid, samt to nye spesialiseringar innan sjukepleie - kliniske spesialitetar og avansert klinisk allmennsjukepleie. På Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap etablerte ein eit deltidstilbod på masterprogrammet i innovasjon og entreprenørskap.

Alle fakulteta har portefølje av vidareutdanningar som i hovudsak er organisert fleksibelt og blir tilbydd på deltid slik at det er mogleg å kombinere med arbeidsliv. Dei nye masterprogramma ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS) kan i tillegg til ordinært løp, brytast opp i modular og emne, slik at dei som til dømes berre treng ein spisskompetanse, kan velja å ta berre det emnet.

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) har i fleire år hatt eit betydeleg omfang studietilbod knytt til nasjonale ordningar frå Utdanningsdirektoratet, Kompetanse Norge og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI), og bidrar sånn sett sterkt til kompetanseutvikling for tilsette i barnehage og skule. Høgskulen har hatt 45 studietilbod innan dei nasjonale ordningane Kompetanse for kvalitet, Kompetanse for framtidens barnehage, Yrkesfaglærarløftet, Lærarspesialistutdanning, og leiarutdanningar for barnehage og skule. Hausten 2020 fekk høgskulen tilsegn om å tilby 22 studietilbod innan Kompetanse for kvalitet, som vil ha oppstart hausten 2021. Studietilboda har eit omfang på 30 studiepoeng eller meir, og fleire av dei nye studietilboda er nettstudium. Høgskulen samarbeider med Fagakademiet om studietilboda Natur og friluftsliv og Spesialpedagogikk for barne- og ungdomsarbeidarar. Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS) og Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN) må i større grad enn FLKI og FHS forhalda seg til næringar og verksemdar som har vore hardt ramma av både oljeprisfall og arbeidsløyse knytt til pandemien. Dette har skapt auka etterspurnad etter kompetansetiltak for ledige, samtidig med at både betalingsviljen og betalingsevna for den enkelte og verksemdene har vore

svekka. Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS) måtte innstille fleire tilbod på hausten fordi det var for få kvalifiserte søkarar.

Eit av tiltaka for å komme utfordringane i arbeidsmarknaden i 2020 i møte, har vore fleire utlysingar av finansiering av studietilbod. Høgskulen var blant institusjonane som fekk mest midlar frå DIKU til å utvikle fleksible utdanningstilbod, der hovudmålet med ordninga var at universitet og høgskular skal kunne tilby fleksible og relevante utdanningar for studentar som ikkje har høve til å studere fast ved ein campus. Dette vil seie utdanningar som er desentraliserte, nettbaserte, deltidsorganiserte eller samlingsbaserte. Seks søknader frå ulike fagområde vart innvilga:

- Frå fagarbeidar til ingeniør på ein hybrid læringsarena – Ei fleksibel og berekraftig ingeniørutdanning for industri i omstilling
- Desentralisert vidareutdanning for bioingeniørfag
- Utvikling av desentralisert deltidsutdanning i vernepleie (sjå nærare omtale s.35)
- Student til sjøs
- Vidareutdanningskurs hydrogenteknologi
- Nettstudium historie bachelor

I tillegg til dei nye fleksible utdanningstilboda, blei det i 2020 etablert siviløkonomutdanning i Sogndal og Haugesund, som er første gong studentane på desse studiestadane har eit tilbod om masterutdanning innan økonomi. Studieprogrammet heiter Master of Science in Business, og har forskjellig profil på dei to studiestadane.

Prosjekt livslang læring

Med bakgrunn i auka endrings- og omstillingstakt i samfunns- og arbeidsliv, forventningar om auka tilbod av relevante og tilpassa utdanningstilbod, saman med høgskulen sitt behov for auka ekstern inntening, har styret sett livslang læring høgt på agendaen. Hausten 2020 vart Prosjekt Livslang læring i HVL etablert, og dette leverte rapport⁴ for arbeidet våren 2021.

Prosjektet er også eit ledd i oppfølginga av målsetjingane i Kompetansereforma⁵ om at ingen skal oppleve at dei går ut på dato i arbeidslivet fordi dei manglar kompetanse. Som utdanningsinstitusjon er det viktig å følgje opp med relevante tiltak for å tette gapet mellom kva arbeidslivet treng av kompetanse, og den kompetansen arbeidstakarane faktisk har. Vi kan truleg forvente at grensa mellom tradisjonelle grunnutdanningsstudentar og studentar som tar meir utdanning etter at dei har vore i arbeidslivet ei stund, vil bli viska ut. Demografiutvalet⁶ tar til orde for at fleksible og desentraliserte utdanningstilbod kan bidra til å behalde og rekruttere arbeidarar i den lokale arbeidsmarknaden.

Utfordringar som har komme opp i prosjektet er i hovudsak knytt til felles forståing, fleksibilitet og fart. Fokus har vore på korleis ressursar og kapasitet på fagsida og i administrasjonen kan vere nøkkelen for å svare godt på samfunns- og arbeidsliv sitt behov for livslang læring.

Fagkompetansen er heilt sentral for å lukkast med å svare på Kompetansereforma. Fakulteta må ha kapasitet til å ta i mot og svare på dei utfordringane som kjem. Dei fagtilsette må samhandle internt og eksternt for å utvikle nye prosjekt, og leiarar må prioritere arbeidet med livslang læring. For å svare på kompetansereforma har høgskulen behov for forenkling av prosessar, tydeleg prosjektkoordinering og tidleg involvering. Struktur for samhandling og kultur for samhandling både internt og eksternt ser ut til å vere sentrale utviklingsområde.

⁴ [Prosjekt Livslang læring i HVL – HVL-rapport 8/21](#)

⁵ Meld. St. 14 (2019 –2020) [Kompetansereformen – Lære hele livet](#)

⁶ NOU 2020:15. (2020). [Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene.](#)

Eit klart signal frå prosjektgruppa er at det må bli gjort grep for å gi kraft til arbeidet med livslang læring.

Praksissamarbeid og samhandling med arbeidslivet

Høgskulen bidreg økonomisk i arbeidet med utvikling av Arbeidslivsportalen og deltar jamleg i møte med sektoren kor pilotinstitusjonane deler erfaringar dei har gjort seg gjennom kartlegging av behov, testing og reell bruk av Arbeidslivsportalen i praksisfeltet. Høgskulen har også utvikla ein avtaleportal for å systematisere og dele informasjon om avtalar og kontaktar knytt til det eksterne samarbeidet. Fram til arbeidslivsportalen vert rulla ut i sektoren, handterer ein kommunikasjonen med samarbeidspartnarane med dei verktøya som ein allereie har.

Høgskulen har ei rekke råd og utval som i ulik grad har ansvar for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane. Læringsmiljøutvalet deltar i planlegging av tiltak knytt til læringsmiljø, og følger utviklinga i spørsmål som gjeld studentane sin sikkerheit og velferd. Utdanningsutvalet er rådgivande for strategisk leiing i saker som gjeld utdanning, og skal bidra til å sikre at utdanningar og studieprogram har høg kvalitet, samfunnsrelevans og ein fagleg profil som reflekterer HVL sine satsingar. Alle studieprogram har studieprogramråd som er rådgivande til studieprogramansvarleg og fakultetsleiing om utvikling av kvaliteten og læringsmiljøet i studieprogramma. I tillegg har alle fakulteta fakultetsråd som også har ekstern representasjon, og som gir innspel til den samla aktiviteten ved fakultetet.

Studentoppgåver i samarbeid med arbeids- og næringsliv

På nettsidene er det laga ei eiga side for innmelding av ønske om samarbeid med høgskulen, og dette inkluderer forslag til mogelege studentoppgåver⁷. Det har kome på plass eit system for registrering av bachelor- og masteroppgåver som er skrive i samarbeid med arbeidslivet. Sjølv om ikkje alle samarbeidsoppgåvene vart registrert her i 2020, ser vi at det er stor aktivitet, med over 460 registrerte oppgåver, fordelt på alle fire fakulteta. Samarbeidspartnarar har mellom anna vore ulike kommunale etatar, helseføretak, Statens vegvesen, handverkar- og entreprenørfirma og bankar.

Samarbeid med Universitetet i Bergen (UiB)

Det etablerte samarbeidsorganet Samarbeidsråd Universitetet i Bergen (UiB) –Høgskulen på Vestlandet (HVL), har i 2020 hatt semestervise møte, der høgskulen har hatt leiarskapet. Slik dagens lærarutdanningsmodell fungerer, har det så langt ikkje vore aktuelt å tilby fag hos kvarandre på grunnutdanningsnivå. Når det gjeld samarbeid om FOU og vidareutdanningar, ser vi så langt skisser til interessante prosjekt innan desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skolen (Dekomp). UiB har overteke leiarskapet for rådet i 2021.

Oppsummering av funn i evalueringar

Rapport - analyse gjennomstrøyming og fråfall

I 2020 vart det gjennomført ei analyse og utarbeidd ein rapport om gjennomstrøyming og fråfall. Denne vart publisert i høgskulen sin eigen rapportserie⁸. I dette arbeidet var forfattarane opptekne av gjennomstrøyming og fråfall første studieår i treårige bachelorutdanningar og integrerte femårige masterprogram (i praksis grunnskulelærar) i perioden 2017 – 2019. Formålet med analysen var å seie noko om gjennomstrøyming og fråfall og korleis det skil seg frå situasjonen i sektoren under eitt, samt sjå på skilnader og variasjonar mellom fakultet og utdanningstypar, mellom campusane og andre variablar som verkar inn. Analysen tok utgangspunkt i tilgjengeleg forskning på området, før vi gjennomførte ein analyse basert på studentdata.

⁷ <https://www.hvl.no/forsking/forskningssamarbeid/>

⁸ Lene Borgen Waage og Terje Bjelle: Gjennomstrøyming og fråfall ved Høgskulen på Vestlandet, HVL-rapport nr 5-2020.

Analysen understøttar i all hovudsak tidlegare forskning om at kvinner har høgare studiepoengproduksjon enn menn, auka alder ved opptak gir lågare studiepoengproduksjon, auka karaktergjennomsnitt frå vidaregåande skule gir høgare studiepoengproduksjon, og at nokre studium har lågare studiepoengproduksjon enn andre. Ein del av forklaringsvariablane hadde også ulik effekt på ulike typar studium. Analysen fann også at avstand studiestad-heimstad har signifikans, men låg effekt. Analysen viste i tillegg at campus Sogndal hadde ein positiv campuseffekt på gjennomstrøyming. Temaet og funna i rapporten vil bli følgt opp nærare både på fakultets- og institusjonsnivå.



Ein annan studentkvardag: Pandemien prega studentkvardagen i 2020, Mykje av undervisninga blei digital, mange eksamenar også, og i periodar var det ikkje mogleg å arbeide på campus. Både studentar og undervisarar håpar på eit meir «normalt» studentliv i 2021.



Strategiområde 2: Drive forskning, utviklingsarbeid og innovasjon av høg internasjonal kvalitet

Målbilete

Dei ønska brukar- og samfunnseffektane innanfor dette området er at:

- Samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet.

Vidare er dei ønska resultatata for å skape desse effektane:

- Høg kvalitet i forskning.
- Forsking for velferd, verdiskaping og omstilling.

For å nå resultatmåla har vi arbeidd etter to verksemdsmål, som er utleide av strategien og to mål i utviklingsavtalen. Vi har valt å gjere greie for aktivitetar og resultat samla, under desse fire delmåla.

Verksemdsmål:

1. HVL driv profesjons- og praksisretta forskning av høg internasjonal kvalitet i samarbeid med næringsliv og offentleg sektor.
2. HVL har styrka internasjonalt samarbeid om forskning, utviklingsarbeid og innovasjon

Relevante mål for HVL i utviklingsavtalen med KD:

3. HVL vil aktivt arbeide med å auke talet på tilsette med førstekompetanse og professor og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Kompetanse skal byggast i samhandling med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.
4. HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos våre samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon.

Oppnådde resultat på nasjonale styringsparameter og måleparameter i utviklingsavtalen:

Relevante nasjonale styringsparameter:	Resultat 2019	Resultat 2020
Bidraginntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk (1000 kr)	44,37	51,38
Tal publiseringspoeng per fagleg årsverk	0,65	Etter 01.04.21
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (euro)	2 323	1 081
Prosentdel forskingsinnsats i matematiske, naturvitskaplege og teknologiske fag (MNT-fag) (%)	22	Rapporterast annakvart år

Tabell 3: Nasjonale styringsparameter strategiområde 2.

Relevante måleparameter/milepålar i utviklingsavtalen:	Resultat 2019	Resultat 2020
Talet på førstekompetente / professorar og dosentar (%)	56,2 %/14,1 %	58%/ 14,9% ⁹
Talet på internasjonale professor II-stillingar	23	17
Talet på offentlege ph.d. og nærings-ph.d.	2	2

⁹ Vi finn det mest tenleg å sjå på del (%) heller enn eksakte tal. Viser her del førstestillingar av UFF-årsverk (Undervisning, forskning og formidling) og % professorar og dosentar av UFF-årsverk.

Talet på masteroppgåver knytt til eigen forskingsaktivitet	35	42 ¹⁰
Gjort forskinga relevant for FN sine berekraftsmål		Sjå s.29

Tabell 4: Måleparameter utviklingsavtalen strategiområde 2.

Oppsummering av i kva grad høgskulen har nådd sine mål

Forskingskvalitet og samarbeid med arbeidsliv

Solid forskarutdanning og god gjennomstrøyming i ph.d.-programma.

Høgskulen har fire egne ph.d-program, og ein ph.d-fellesgrad som er eit samarbeid med tre andre norske UH-institusjonar. I 2020 starta ph.d.-studiet *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling*, og allereie er det tatt opp 13 studentar. Tilstrøyminga av studentar har vore god for alle ph.d-programma, og ved utgangen av året er det registrert 141 studentar. Tabellen under syner utviklinga av ph.d.-utdanningar, og utviklinga av tal på registrerte studentar i ph.d.-programma 2017-2020.

Registrerte ph.d-studentar	2017		2018		2019		2020*	
	V	H	V	H	V	H	V	H
Semester								
Studiar av danning og didaktiske praksisar	26	33	33	38	52	63	61	63
Datateknologi /Computer Science			12	15	25	30	34	36
Nautiske operasjonar (fellesgrad) **	1	3	4	5	5	5	5	5
Helse, funksjon og deltaking	S	S	E	E	G	12	20	24
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling	S	S	E	E	I	G	11	13
Til saman	27	36	49	58	82	98	131	141

Tabell 5: Registrerte ph.d.-studentar. Kjelde: FS

(S=søknadsprosess, E=evalueringsprosess, I=innvilga, G=godkjent)

*Tala vil bli justert for stipendiatar som fekk opptak til og/eller starta ph.d studiet seint 2020. Tilsvarande er tala for 2019 oppdatert.

**Tala syner ph.d.-studentar som har HVL som «heimeinstitusjon»

Høgskulen har 83 faste KD-finansierte stipendiatstillingar. Desse vert fordelt mellom fagområda så dei på best mogleg måte støtter opp under universitetsambisjonen. Dei resterande stipendiatstillingane er hovudsakleg finansierte av egne strategiske midlar og midlar frå Forskningsrådet. Når det gjeld ph.d.-studentar som er finansierte gjennom Forskningsrådet sine Offentleg sektor ph.d./Nærings ph.d.-ordningar, hadde høgskulen i 2020 to Offentleg sektor ph.d.-studentar. Fleire forskingsprosjekt har fått finansiering og er i prosess for opptak til aktuelle ph.d.-program.

I løpet av året er det avlagd seks doktorgrader i egne ph.d.-program:

* To disputasar innafor Datateknologi; programvareutvikling, sensornettverk og berekningsorientert ingeniørvitenskap.

* Fire disputasar innafor Studiar av danning og didaktiske praksisar.

Det er viktig å ha ei stabil forskarutdanning og kunne vise tilstrekkeleg opptak og gjennomstrøyming over tid. Doktorgradsprogramma er attraktive og det er ei jamn auke i talet på studentar som vert tekne opp. Kravet til akkreditering som universitet er at kvart einskild doktorgradsprogram over ein periode på fem år må ha tatt opp i gjennomsnitt minst 15 stipendiatar. Høgskulen er på god veg til å nå dette målet. Talet på avlagte doktorgrader er noko lågare enn venta (6/9), og forseinkinga skuldast ein kombinasjon av arbeidssituasjonen under pandemien, og justering av estimat. Det er venta at dette vil jamne seg ut i løpet av 2021, og ein vil i tillegg i året som kjem arbeide med å vidareutvikle og utvide tilbodet om rettleiaropplæring som eitt av fleire tiltak for å sikre gjennomstrøyming.

¹⁰ For denne parameteren er 2020 det andre året vi bruker eit databasert internt rapporteringssystem. Det er framleis moglege feilmarginar i dei tala som vert generert. Vi reknar med at talet skal vere høgare.

Vekst i ekstern finansiering av forskning, internasjonalisering og innovasjon.

Utviklinga er generelt positiv når det gjeld ekstern finansiert forskning, internasjonalisering og innovasjon. Nye løyvingar frå Forskningsrådet og DIKU dei siste åra gjer at denne aktiviteten, og inntektene, er jamt aukande. EU-tildelingar er også i positiv utvikling, særleg innan Erasmus+ der høgskulen både aukar tal på søknader og melder seg på konkurransen om meir komplekse prosjekt gjennom dei sentraliserte tiltaka.

Det er i 2020 ein god auke i inntekter frå Forskningsrådet. Tala syner ei prosentvis inntektsauke på omlag 15,8% frå 2019, og er betre enn måлтаlet for året (48¹¹). Høgskulen hadde ved utgangen av året 42 pågåande prosjekt finansierte av Forskningsrådet (kontraktverdi for 2020: ca 56 mill. kr). Det blei i alt levert 59 søknader til Forskningsrådet, og det er gitt 13 nye løyvingar. Inntektene frå dei fleste av desse nye prosjekta vil først kome i 2021. Søknadstalet er ein nedgang på omlag 30% frå 2019, og ein tilsvarande nedgang finn ein også nasjonalt. Konsekvensar av pandemien, endra moglegheit til å sende ein søknad to stader, og mindre kapasitet til prosjektutvikling og søknadsarbeid er sannsynlege forklaringar.

Forskningsrådet

År	Tal deltaking			Omfang støtte		
	Søknader	Løyving	Suksessrate	Søknader (mill. kr)	Løyving (mill. kr)	Finansiell suksessrate
2018	44	8	18,2 %	410.9	46,2	11,2 %
2019	85	15	17,7 %	683.7	127.2	18,6 %
2020	59	13	22 %	657.2	83.5	12,7 %

Tabell 6: Forskningsrådet - Søknadsaktivitet og suksessrate i 2020 samanlikna med dei siste åra (Høgskulen som prosjekteigar). Kjelde: Forskningsrådet, HVL

Med 13 nye innvilga prosjekt i 2020 opplever høgskulen ei betring av den generelle uttølingsprosenten, frå 17,7% til 22%. For søknadene til Forskningsrådet ligg høgskulen eit hakk betre an enn det nasjonale snittet. Høgskulen deltar i konkurransen om ordning for Sentre for framifrå forskning (SFF), der det i fjor vart levert 2 projektskisser til trinn 1 i ein 2 trinns søknadsprosess. Den eine med utgangspunkt i forskingssenteret BARNKunne, og den andre med utgangspunkt i forskingsmiljøet rundt ph.d.-programmet innan ansvarleg innovasjon (RESINNREG). Høgskulen deltar også i konkurransen knytt til forskingsinfrastruktur av nasjonal verdi. Av nye prosjekt kan det nemnast at høgskulen er partner i nytt Senter for forskingsdrevet innovasjon (SFI), *Smart Ocean*.

Nasjonale program for internasjonalt samarbeid

For nasjonale løyvingar til internasjonale samarbeidsprosjekt er talet på søknader om lag likt som føregåande år, frå 12 søknader i 2019 til 13 i 2020, men søknadssummen gjekk opp frå 17,7 mill. kr til 135,9 mill. kr. Grunn til denne auka var ei utlysing i NORHED-programmet for kapasitetsbygging. Søknadene her var i snitt på 20 mill. kr kvar. Ein av desse (til 10 mill. kr) vart innvilga.

Høgskulen har fått innvilga 6 prosjekt, som er ned frå 8 prosjekt i 2019, men foreløpig tildelte midlar er det same (12,5 mill.kr). Årsaka til dette er at det var utlysing i færre, men større program i 2020 med INTPART og NORHED. Høgskulen hadde fleire kvalifiserte fagmiljø som kunne søke INTPART-midlar, men enda opp med å berre sende ein søknad, noko som skuldast den korte utlysingsfristen på 6 veker.

¹¹ 48 000 kr pr fagleg årsverk

År	Tal deltaking i nasjonale program for internasjonalt samarbeid			Omfang støtte		
	Søknader	Løyving	Suksessrate	Søknader (NOK)	Løyving (NOK)	Finansiell suksessrate
2018	15	10	66,7%	8 434 126	4 015 662	47,6 %
2019	12	8	66,7%	17 728 636	12 331 663	69,6 %
2020	13	6*	46,2%*	135 913 019	12 550 826*	9,2 %*

Tabell 7: Nasjonale programmer for internasjonalt samarbeid forvalta av DIKU, Nordplus og Norad. Kjelde: HVL

*venter på svar på ein søknad på 10 mill. kr. Om denne går inn endar vi på ei løyving på 22,5 mill. kr, nesten ei dobling frå 2019. Suksessraten vil vere på 53,8% og med finansiell suksessrate på 16,6%.

EU tildelingar:

Horisont 2020 (H2020)

Høgskulen var i 2020 deltakar i 8 aktive prosjekt finansiert gjennom H2020. Av desse er høgskulen koordinator/prosjekteigar for eitt av prosjekta, - "Toward a FAIR and open data ecosystem in the low-carbon energy research community" (EERAdata).

År	Tal deltaking i H2020			Omfang støtte		
	Søknader	Løyving	Suksessrate	Søknader (EURO)	Løyving (EURO)	Finansiell suksessrate
2018	17	1	5,9 %	8 325 892	531 543	6,4 %
2019	18	2	11,1 %	10 219 511	522 226	5,1 %
2020	24	1	4 %	10 812 818	342 500	3,2 %

Tabell 8:H2020 - Søknadsaktivitet og suksessrate i 2020 samanlikna med dei siste åra (alle prosjektsøknader). Kjelde: Participant Portal og HVL

I 2020 har høgskulen i alt vore deltakar i 24 søknader til H2020. Ein av desse er gitt løyving. Høgskulen er deltakar i fire prosjektsøknader til EØS-programma, der to søknader framleis er i evaluering, ein er avslått, medan prosjektet "Mentors Without Borders» innan sjukepleiarutdanninga er innvilga.

Auka trykk på arbeid med søknader til EU-programma, og Horisont Europa i særdelesheit vil vere ein prioritet framover. Dette gjeld også satsing på å få betre utteljing på deltakinga. Her ser me ei utfordring, men det er samstundes viktig å vere klar over at desse tala kan svinge frå år til år. Om høgskulen får tilslag på eit stort prosjekt, vil utviklinga brått kunne sjå heilt annleis ut.

For å styrke høgskulen sin profesjons- og arbeidslivsretta forskingsprofil tildelte styret 50 mill. kr. til nokre forskingsmiljø med spesielt gode føresetnader for å lukkast i Horisont Europa. I tillegg til å auke prosjektomfang og vitskapeleg publisering, skal desse ekstra midlane gå til å styrke forskingskulturen, og til auka internasjonalt samarbeid gjennom professor II-stillingar.»

Erasmus+

I løpet av året har høgskulen sendt fleire søknader innan Erasmus+ enn nokon gong tidlegare, totalt 25 søknader (som partnar og koordinator). I tillegg til den generelle auken på tal søknader, er det og ei tydeleg auke i mangfald i søknadene til Erasmus+. Dette er ei bevisst satsing og høgskulen forventar høgare tildelingsprosent etterkvart som tilsette får meir kjennskap til programma. Høgskulen nyttar no moglegheitene innafor Erasmus+ på ein betre måte enn tidlegare. Foreløpig er 8 Erasmus+ søknader innvilga og høgskulen ventar på tilbakemelding på 4 partnarsøknader**.

År	Tal deltaking i Erasmus+			Omfang støtte		
	Søknader	Løyving	Suksessrate	Søknader (EURO)	Løyving (EURO)	Finansiell suksessrate
2018	9	6	67 %	1 843.65	1 203 698	65 %
2019	11	3	27,3 %	3 879 161	837 387	21,6 %
2020	25*	8**	32%**	10 521 328	1 264 637**	12%**

Tabell 11: Erasmus+ - Søknadsaktivitet og suksessrate i 2020 samanlikna med dei føregåande åra. Kjelde: HVL

* Erasmus+ lanserte ekstra utlysing i 2020 og høgskulen økte derfor tal søknader frå 17 til 25

**Vi ventar p.t svar på 4 partnersøknader



Pris for forskning og utvikling: Professor Kari Dyregrov ved Institutt for velferd og deltaking fekk HVLS FoU-pris for 2020. Fagjuryen omtalar Dyregrov som ein anerkjend forskar innan sårbare tema som sorg, sjølvdøme og etterlatne etter narkotikarelatert død. Ho har vore prosjektleiari for ei rekke forskingsprosjekt og er no ansvarleg for verdas største forskingsprosjekt på etterlatne etter narkotikarelatert død – den såkalla END-studien. Fagjuryen skriv at Dyregrov har ei inkluderande og delande haldning. Juryen lovpriser også Dyregrov for utmerkande formidling av sitt fagfelt.

Auke i vitenskapleg publisering

I 2019 rapporterte høgskulen inn 848 vitenskaplege publikasjonar og oppnådde 725 poeng. Det var ein auke på 20 % samanlikna med året før, og ei vidareføring av utviklinga frå dei siste åra. Høgskulen sitt mål for publiseringspoeng per fagleg årsverk i 2020 var 0,65. Dette målet blei nådd i 2019, og om denne utviklinga held fram, er det grunn til å tru at det langsiktige målet om eitt publiseringspoeng per fagleg årsverk i 2025 er innan rekkjevidde.

Ein interessant utviklingstrend er at talet på publisierende personar har auka meir enn talet på faglege årsverk. I perioden 2014-2019 var det 16 % auke i talet på faglege årsverk, og 68 % auke i talet på publisierende personar. Auka i publisierende personar er klart høgst i stillingskategoriane stipendiat og professor/dosent. Derfor er det grunn til optimisme med tanke på fortsett auke i publiseringsaktiviteten, all den tid talet på stipendiatar og tilsette med toppkompetanse aukar. Høgskulen nådde og det langsiktige målet (2025) om 50%

internasjonale samforfattarskap, med 53% i 2019. Om ein ser på talet publikasjonar totalt, ikkje berre periodikaartiklar, var det og der 50% med internasjonale samforfattarskap i 2019, opp frå 41% året før.

Det er for tidleg å seie i kva grad pandemien påverkar publiseringa, og kva tid utslaget vil bli størst. Mange vil nok oppleve forseinkingar både i sjølve forskinga og i prosessen med fagfellevurdering og publisering. Konflikt med undervising som tar meir tid fordi den må gå digitalt, praktiske problem med datainnsamling, reiserestriksjonar, avlyste arrangement, og auka omsorgsbyrde i heim og familie er mellom risikofaktorane. I og med at det på dei fleste fagfelt tek noko tid frå forskinga vert utført til ho føreligg ferdig publisert, vil dette kunne prege publiseringstala i nokre år framover.

Internasjonalt samarbeid

Internasjonalisering er eit prioritert område for å nå ambisjonen om å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. I perioden 2019-2020 har høgskulen arbeidd for å utvikle ein kultur for internasjonalisering i heile organisasjonen mellom anna gjennom eit internasjonaliseringsprosjekt. Prosjektet var organisert i fem tiltaksområde: Internasjonal student- og tilsettmobilitet, internasjonalisering av studieprogram, internasjonal rekruttering og integrering, internasjonal synleggjering og internasjonalt forskingssamarbeid.

Nokre av dei definerte tiltaka vart forsinka grunna pandemien og eit endra fokus i store delar av organisasjonen. Samstundes fekk andre tiltak forsterka fokus då nye mogelegheiter og behov vart tydelege i denne situasjonen. Eit døme på dette er arbeidet med virtuell utveksling, noko som er eit relativt nytt konsept i norsk høgare utdanning, og eit satsingsområde for høgskulen.

Fyrste- og toppkompetanse

Fyrstekompetanse

Høgskulen har eit mål om at innan 2025 skal 65% av dei faglege årsverka bli utført av tilsette med fyrstestillingskompetanse. Det tyder at delen må stige med 1,5 prosentpoeng i gjennomsnitt per år for å nå målet. Auken kan skje både gjennom intern kompetanseheving og ved å tilsette ein høgare del fyrstestillingskompetente. Totalt sett var det ein framgang i delen tilsette med fyrstekompetanse på nesten to prosentpoeng frå 2019. Forskjellen mellom fakulteta er blitt monaleg mindre på dei to åra 2018-2020.

Toppkompetanse

Høgskulen skal ha ein relevant kompetanseprofil som er tilpassa porteføljen av studieprogram – med prosentvise krav til toppkompetanse på master- og ph.d.-nivå, på høvesvis 10 og 50 prosent. Med tanke på universitetsakkreditering skal toppkompetansen ved høgskulen vere på nivå med samanliknbare institusjonar i same institusjonskategori. Hovudtendensen for fakulteta er at alle har hatt ein auke i del toppkompetente dei siste to åra. Framgangen har vore minst for dei to fakulteta som var lågast, Fakultet for helse- og sosialvitenskap og Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, så her aukar forskjellane mellom fakulteta.

Kompetanseutvikling

Samla sett har høgskulen hatt ein auke i både fyrstestillings- og toppkompetanse frå 2019 på høvesvis 1,8 og 0,8 prosentpoeng. Det meste av auken dei siste to åra skuldast utviklinga på Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett aleine, og fakultetet ligg no på same nivå som omlag tilsvarende faglege einingar ved universiteta. Fakultet for helse- og sosialvitenskap ligg lågast av fakulteta, til trass for ein liten auke i begge typene kompetanse siste år. Fakultetet hevdar seg likevel ganske godt samanlikna med omlag tilsvarende faglege einingar ved universiteta. Det tyder på at fyrstestillings- og toppkompetansen i fagmiljøa står i forhold til dei studieprogramma ein tilbyr. På Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap har det vore ein

nedgang i fyrstekompetanse, men fakultetet ligg framleis høgare enn gjennomsnittet på heile høgskulen. Fakultet for ingeniør- og naturvitskap har klart høgst fyrstestillingsnivå av dei fire fakulteta, og delen toppkompetente gjekk også monaleg opp i løpet av året.

Kompetanseheving for å løfte fleire til fyrstestillingar og professor/dosentstillingar er eit satsingsområde i fakulteta. Tiltak som vert brukt er kvalifiseringsstipend til professor/dosent, og til kvalifisering som førstelektor/ferdigstilling av ph.d. Nokon fakultet opnar også for tilsetjing i kvalifiseringsstilling.

Studentinvolvering, kompetanseheving, berekraft og innovasjon

Innovasjon

I 2020 har det i samarbeid med Vestlandets innovasjonsselskap (VIS) og Valide blitt arrangert fleire innovasjonsseminar med fokus på nyskaping, kommersialisering og IPR-regelverk. Det er også signert ny samarbeidsavtale med Kunnskapsparken i Vestland (KPV). Dei neste to åra skal HVL og KPV samarbeide om å bygge innovasjonskultur og dyrke fram innovasjons- og kommersialiseringsprosjekt med vekt på campusane Førde og Sogndal. Med dette har no alle fem campus oppdaterte og operasjonelle avtalar for samarbeid kring innovasjon og kommersialisering.

Til tross for pandemisituasjonen har det vore god aktivitet rundt innovasjon og kommersialisering. Fleire idear med kommersielt potensial har blitt registrert, og arbeidet med ein ny patentsøknad er starta. I 2020 blei det også innvilga eit innovasjonsprosjekt under Forskningsrådets FORNY-program.

HVL Skape er høgskulen sitt studenttilbod innan innovasjon og entreprenørskap. Det har vore høg aktivitet der sjølv om det har vore eit år der ein ikkje har kunne hatt så mange fysiske arrangement. Det har likevel vore gjennomført fleire konkurransar, med god deltaking frå alle campus og fakultet. 2020 har vore eit utfordrande år, og ein vil nytte 2021 til å utvikle modellen for korleis ein driv aktivitetane for å skape ytterlegare trykk på å skape attraktive studiestadar og for å trene studentane i entreprenørielle ferdigheiter.

Høgskulen har saman med Universitet i Bergen og Norges Handelshøyskole etablert eit samarbeid – *Bergen Entrepreneurship Academy (BEA)* - for å gi studentane på Vestlandet eit innovasjonsløft. Samarbeidet skal leggje betre til rette for innovasjon som ein del av utdanninga og skape møteplassar som legg til rette for studententreprenørskap. Målet med BEA er å utvikle utdanningstilbodet innafor innovasjon på tvers av dei tre institusjonane og leggje til rette for studententreprenørskap, og på denne måten styrke studietilbodet på Vestlandet innan dette området. Målet er å løfte fram utdanning som ein ideell arena for tverrfagleg studentsamarbeid og samarbeid med eksterne, for å skape berekraftige løysingar for framtida.

Høgskulen oppretta i 2020 ein pilot for *Forskarline* knytt til grunnskulelærerutdanningane (GLU). Gjennom pilotordninga tek ein sikte på å rekruttere studentar med spesielt forskartalent for å hauste kunnskap om korleis ei slik ordning kan bidra til gjennomstrøyming i ph.d.-programmet og til rekruttering av lærarar med forskarkompetanse til kommunane, i tråd med regjeringa si satsing på ph.d.-utdanninga for lærarar. Forskarlina er eit tilbod til studentar som ønskjer å orientere seg særskilt inn mot forskning, ut over det som ligg i rammeplanen for GLU-utdanningane. Lina vert organisert i fire modular og er skilt ut som ei eiga studieretning for GLU der dei fire modulane kjem inn i studieløpet. Tilbodet går til seks særleg motiverte studentar frå kull 2018, og desse tok til frå studieåret 2020/2021. Gjennom studiet vil studentane tileigne seg avansert kunnskap om vitskapsteori og metode og få høve til å arbeide med å utvikle eige forskingsprosjekt i dialog med forskingsmiljø ved fakultetet, -inn i mot ph.d.-nivået.

Det er gjennom året arbeidd med ny politikk og retningslinjer for immaterielle rettar (IPR) der formålet med reglementet er å skape gode og føreseielege rammevilkår for innovasjonsarbeidet ved høgskulen, både for tilsette og studentar, og eit tydeleg regelverk. Basert på

mottekne høyringsinnspel vert det no arbeidd med ein revidert versjon, der målet er at nytt reglement skal kome på plass i 2021.



Storsatsing på studententreprenørskap: HVL, NHH og UiB etablerte i 2020 eit samarbeid for å gi studentane på Vestlandet eit innovasjonsløft. Samarbeidet skal legge betre til rette for innovasjon som en del av utdanninga og skape møteplassar som legg til rette for studententreprenørskap. Satsinga har fått namnet Bergen Entrepreneurship Academy (BEA). På bildet: Jens Kristian Fosse, dekan ved Fakultet for ingeniør- og naturvitskap, HVL, Benedicte Løseth, direktør ved Forsking- og innovasjonsavdelinga, UiB, Gro Anita Fønnes Flaten, prorektor for forskning, HVL, Therese Sverdrup, viserektor for innovasjon og forskning, NHH og Robert Bjerknes, viserektor for tverrfagleg verksemd og store satsingar, UiB.

Forskingsetikk

Arbeidet med forskingsetikk inkluderer også personvern i forskning. I 2020 har fokuset vore på opplæring og revisjon av retningsliner på områda forskingsetikk og personvern i forskning. Høgskulen har medverka til utvikling av “Sikresiden.no” sitt personvernspel - eit kunnskapsspel som gir interaktiv trening i grunnleggjande personvern, og bidreg til etterleving av personvern-regelverk. Delar av verksemda har gjennomført “Sikresiden” sitt personvernspel som del av den lovpålagte opplæringa.

Som del av arbeidet med personvern i forskning er det arbeidd vidare med ulike IT-løysingar for sikker og brukarvennleg handtering av forskingsdata. I lys av pandemien har det vore behov for tilpassingar ved innsamling av personopplysingar i forskning, for eksempel sikre løysingar for digital overføring av lyd og video.

Høgskulen har revidert sine retningsliner for handtering av forskingsdata. I forbindelse med etterlevingsrevisjon for forskingsetikk frå Riksrevisjonen har høgskulen revidert retningsliner relatert til forskingsetikk og handtering av brot på forskingsetikkløven. Høgskulen har handtert fleire varsel om ureieleg forskning, men det er ikkje konkludert med alvorlege brot i nokre av sakene.

Gjere forskinga relevant for FNs berekraftsmål

Dei fleste fagmiljøa ved høgskulen jobbar målretta med utdanning, forskning og innovasjon som er relatert til eitt, eller fleire av FNs berekraftsmål. Utdanningane er opptekne av at alle studentane skal få basiskunnskap om berekraftig utvikling. Fyrsteårsstudentane på fleire av

utdanningane har gjennom emnet “Danning og akademisk handverk”, som legg FN sine bærekraftsmål til grunn, tileigna seg kunnskap om nettopp dette. I tillegg til å gi basis-kunnskap til alle studentane er det på alle fire fakulteta fleire utdanningsløp som har fullstendig, eller element av bærekraftsmåla i seg. For å trekke fram nokre element dekker fleire av emna våre undervisning innan sirkulærøkonomi, gjenbruk og sirkulære ressursstrøymar. Høgskulen utdannar innan fornybar energiproduksjon og nye energiberarar, som for eksempel hydrogen, og det vert tilbydd eigen masterutdanning i klimaomstillingsleing. God helse og utvikling uansett alder, frå folkehelseperspektivet til barnehagar og grunnskole og spesialisthelsetenesta, er dekkande for mange av våre utdanningsprogram.

Høgskulen er partner i ei rekke kunnskaps- og næringsklynger med grøn profil og berekraftig utvikling som hovudelement. Gjennom samarbeid med Alrek helseklynge jobbar ein med omsorgsteknologi og tenesteinnovasjon. I samarbeid med NCE Maritime CleanTech og katapultsenteret Sustainable Energy jobbar ein med berekraftige innovative prosjekt med næringspotensiale for nye, reine, maritime løysingar.

Det er mange sterke fagmiljø som jobbar med klimaomstillingsproblematikk. Høgskulen har mellom anna arrangert konferanse om berekraftige barnehagar, webinar om elflysatsinga og fleire dagar med berekraft som tema for grunnskulelærarutdanninga.



Flytta inn i helseklynge: I august 2020 flytta Senter for omsorgsforskning Vest og Omsorgsteknologilaboratoriet ved HVL inn i Alrek helseklynge. Målet med klynga er å styrke den praksisnære forskinga og formidlinga innan helse og omsorg. På biletet er leiar av senteret, Janne Bjarheim Bø, forskar Erik Zakariassen, Norce, Guro Rørtveit, leiar ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin, UiB og studentane Gard Johanson og Mons D. Haugland.

Strategiområde 3: Formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse

Målbilete

Dei ønska brukar- og samfunnseffektane innanfor dette området er at:

- Samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet.
- Alle har den kompetansen som dei sjølve og samfunnet treng.

Vidare er dei ønska resultatata for å skape desse effektane:

- Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem

For å nå resultatmåla har vi arbeidd etter to verksemdsmål, som er utleide av strategien, og to mål i utviklingsavtalen. Vi har valt å gjere greie for aktivitetar og resultat samla, under desse fire delmåla.

Verksemdsmål:

1. Gjennom samhandling, deltaking og dialog fangar HVL opp aktuelle problemstillingar og er ein relevant samarbeidspartnar for arbeids- og samfunnsliv.
2. HVL involverer relevante brukarar i kunnskapsutvikling.

Relevante mål for HVL i utviklingsavtalen med KD:

3. Høgskulen skal styrkje praksisnær utdanning og FoU i klynge og nettverkssamarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet. Entreprenørskap, tverrprofesjonell og tverrfagleg samarbeid er berande element.
4. HVL vil stimulere til auka relevans i utdanning og forskning i samarbeid med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep.

Oppnådde resultat på nasjonale styringsparameter og måleparameter i utviklingsavtalen:

Relevante nasjonale styringsparameter:	Resultat 2019	Resultat 2020
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (1000 kr)	131,77	138,13
Del mastergradkandidatar i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	82,1%	Sjå s.32

Tabell 12: Nasjonale styringsparameter strategiområde 3.

Relevante måleparameter/milepålar i utviklingsavtalen:	Resultat 2019	Resultat 2020
Omfang av deltaking i klynge- og nettverksamarbeid	80-100 ¹²	16 ¹³
Aktive råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) og utvikling av strategiske møteplassar	2 RSA	8 ¹⁴
Kandidatar i relevant arbeid (kandidatundersøkinga)*	-	Sjå s.32
Gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid på campus*	-	Sjå s.35

¹² I 2019 rapporterte høgskulen på bakgrunn av foreløpig oversikt over innovasjonsklynger, kunnskapsklynger, næringsråd, nettverk

¹³ Innovasjons- og kunnskapsklynger. I tillegg har HVL over 350 andre samarbeidspartnarar registrert i avtaleportalen.

¹⁴ Kompetanseforum Vestland, Kompetanseforum Nord-Rogaland (offentleg og næring), 5 vertskommunemøte, vertskommuneforum

Talet på utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet*	-	Sjå s.35
Talet på delte stillingar med arbeidslivet	14	Sjå s.36

Tabell 13 : Måleparameter utviklingsavtalen strategiområde 3.

* Det har vore vanskeleg å operasjonalisere fleire av indikatorane i utviklingsavtalen. Av den grunn er desse indikatorane tatt ut av ny, revidert avtale (gjeldande frå 2021).

Oppsummering av i kva grad høgskulen har nådd sine mål

Kunnskapsformidling

Høgskulen har i 2020 jobba systematisk med å formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse frå alle fakulteta. Siste året har ein fått på plass ekspertlister organisert etter ulike tematikkar tilgjengeleg i presserom på nettsida. Forskarane har tilbod om kommunikasjonsrådgjeving i samband med deltaking i det offentlege ordskifte og når dei skal ha innlegg på konferansar og arrangement for å dele ny kunnskap og fortelje gode historier om forskning, utvikling, utdanning og samarbeid.

Ein viktig måte å drive forskingsformidling på, er å publisere forskingsresultat ope i eige arkiv. I løpet av året vart 14 rapportar og 3 working papers gjort tilgjengelege gjennom HVL Open. Høgskulen hadde som mål i 2020 at 60% av vitskapelege artiklar publisert i 2019 skulle vere tilgjengelege i arkivet, og nådde det nesten med 55%. Det var ein klar framgang frå året før, då målet var 50%, og ein greidde 45%.

Det har vært arbeidd målretta med opplæring og rettleiing av stipendiatar og tilsette om det å vere synleg på nett mellom anna gjennom bruk av forskarprofilar, om val av publiseringskanal, og om ulike sett å gjennomføre open publisering av bøker, artiklar og forskingsdata på.

Høgskulen har fått på plass ein revidert politikk for Open Access (ope tilgang til forskingsresultat) og arbeidd med ein politikk for Open Data, som begge tek sikte på å gjere forskinga ved institusjonen så synleg og tilgjengeleg som mogleg. Det er etablert rutine for at biblioteket gir råd om handtering av forskingsdata til alle prosjekt finansiert av Forskningsrådet, som har krav om datahandteringsplan.

Høgskulen sitt publiseringsfond finansierte forfattarbetaling for i alt 74 publikasjonar i 2020, og utbetalte om lag 1,6 mill. kr. Det var ein tydeleg auke frå året før, då 53 publikasjonar blei støtta med til saman 0,8 mill. kr. Fondet er med på å gjere det mogleg for tilsette å publisere opent tilgjengeleg i dei kanalane dei sjølv vel og det er derfor gledeleg at talet på søknader veks.

Høgskulen sitt opne arkiv for forskingsdata publiserte dei to første datasetta i 2020, og med infrastruktur og kompetanse på plass ligg det godt til rette for å publisere fleire. Det vil gjere det enklare for forskarar å oppfylle krav om open deling av data, og gi høve til å formidle fleire typar resultat av forskingsaktivitet til publikum i ulike målgrupper.

Høgskulen er medlem av foreininga Store norske leksikon og har per 31. desember ni fagansvarlege som jobbar som innhaldsredaktørar og faglege kvalitetssikrarar innanfor ein eller fleire underkategoriar i nettleksikonet.

Mastergradskandidatar i relevant arbeid

Høgskulen har tradisjonelt skåra godt i kandidatundersøkinga til Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU), som blir gjennomført anna kvart år og tar for seg situasjonen til masterkandidatar eit halvt år etter ferdig utdanning. Resultata frå 2019-undersøkinga (publisert i 2020) bruker andre indikatorar enn tidlegare. Den viser dei ulike

utdanningsinstitusjonane sin relative skåre langs tre faktorar – arbeidsledigheit, over-utdanning og relevant arbeid. Høgskulen sine resultat er blant dei beste på alle faktorane.

Samarbeid med klynger og nettverk

Høgskulen arbeider for å styrke praksisnær utdanning og forskning- og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverks-samarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet.

Klyngene som er lokalisert på Vestlandet er i verdensklasse, og gir partnerane som kvar for seg er ulike i sysselsetting, omsetning og næringsprofil styrka innovasjonsevne og konkurransekraft under klyngestrukturen. Dette ser ut til å vere særleg gjeldande innan både marine og maritime næringar, og fornybar energiproduksjon. Olje og gass er framleis sterke næringar.

I tillegg har høgskulen utstrekt samarbeid med ei rekke næringsdefinerte klynger og nettverk som i større grad har som føremål å bidra til bedriftsutvikling, inkubasjon og kommersialisering. Høgskulen har også stilt til disposisjon laboratoriefasilitetar og infrastruktur.

Andre sentrale samarbeidspartnarar er kunnskaps-baserte klynger og nettverk med sterk kopling til fagområda i fakulteta. Vidare er både næringsråd og andre geografisk definerte nettverk som har ambisjon om regional utvikling viktige samarbeidsnettverk rundt alle campusane. Ulike fagmiljø er knytt til ulike fag- og profesjonsbaserte nettverk, både nasjonale og internasjonale. Pandemien har gjort det utfordrande å halda oppe kontakten og delta på arrangement og møte alle samarbeidspartnarane.

Eit døme på slikt klynge- og nettverkssamarbeid er Idrettsklynge Vest, kor høgskulen er ein av seks partnarar. Det er ein ambisjon for Idrettsklynge Vest å styrke samhandling og utvikling kring idrett, fysisk aktivitet og folkehelse og la Vestlandet bli kjend som leiande region som løyser viktige problemstillingar innan dette feltet.

Eit viktig område for høgskulen er arbeidet med framtidssretta klimatiltak, blant anna med særskild fokus på energiomstilling. Ingeniørmiljøa har etablert eit større satsingsfelt innan hydrogenforskning- og utdanning, dette i samarbeid med fleire partnarar som mellom anna Ocean Hyway Cluster, Ocean Technology, Maritime CleanTech og katapultsenteret Sustainable Energy.

I ein stor organisasjon som høgskulen er det ulike definisjonar og forståingar av kva som ligg i klynge- og nettverksamarbeid i ulike delar av verksemda, og samarbeid blir operasjonalisert på ulike måtar i dei ulike fakulteta ut frå både fagmiljøa og klynga eller nettverket sin eigenart. Dette kan opplevast utfordrande, men må likevel vere slik fordi fagområda er så ulike og eksterne samarbeidsaktørar har ulike behov og moglegheiter. Det er derfor utfordrande å ha fullstendig oversikt over alle samarbeidsrelasjonar fordi samarbeid går føre seg både på institusjonsnivå, på fakultets- og instituttnivå og ned til individnivå.

I 2019 vart det etablert eit prosjekt for å etablere ein portal for å systematisere og skaffe betre oversikt over alle samarbeidsrelasjonane til høgskulen. Dette arbeidet viste seg å vere betydeleg meir kompleks enn venta, slik at det ved utgangen av 2020 ikkje var heilt ferdigstilt. I tillegg til å skaffe oversikt over samarbeidsrelasjonar har denne portalen til føremål å lette arbeidet med å realisere avtalar i konkrete prosjekt.

HVL samarbeider med **næringsklynger** knytt til Norwegian Innovation Clusters klyngestruktur (<https://www.innovasjon.no/nic>).

- Arena NOSCAClean Oceans
- Arena Ocean Hyway Cluster
- Arena Norwegian Offshore Wind Cluster
- Arena Proptech Innovation
- Arena VIA
- GCE Ocean Technology
- NCE Finance Innovation
- NCE Maritime Cleantech
- NCE Media
- NCE Seafood Innovation Cluster

HVL samarbeider med **kunnskapsklynger:**

- Alrek Helseklynge
- Beredskapsklynge / Samfunnsikkerhetens Hus
- Energiomstilling Vest
- Idrettsklynge Vest
- Middeldalderklynge
- Polyfon - kunnskapsklynge for musikkterapi

Strategiske møteplassar

Å vere tett på samfunnet rundt er sentralt i høgskulen sin strategi, og samarbeidet med vertskommunane er særleg viktig for å vidareutvikle studiestadane.

Høgskulen har Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) tilknytt fylka våre Vestland og Rogaland. Dei er organisert som kompetanseforum.

Kompetanseforum Vestland er det regionale samarbeidsorganet for kompetansearbeid i Vestland, koordinert av Vestland fylkeskommune. Her møter høgskulen leiarane ved Universitetet i Bergen, Norges Handelshøyskole, Fagskolen i Hordaland, Opplæringsdirektøren i Vestland fylkeskommune, saman med partane i arbeidslivet representert ved NHO, LO og KS, og NAV og Helse Vest. Under Kompetanseforum Vestland er det etablert regionale team, og høgskulen har vore representert i nokre av desse i 2020. I tillegg til dei møtepunkta som var fastlagde for innspel og dialog, vart det på våren gjennomført ei rekke dialogmøte både knytt til utbrotet av pandemien og konsekvensane av denne.

Kompetanseforum Nord-Rogaland er organisert noko annleis enn kompetanseforum Vestland. For å fange opp behov og innspel frå samfunns- og arbeidsliv i regionen rundt studiestaden i Haugesund, som ligg i Rogaland, har høgskulen etablert Kompetanseforum Nord-Rogaland. Dette er strukturert som to årlege tematiske møte, der det eine har fokus på offentleg sektor og heilskap i utdanningsløpa, og det andre i større grad er tematisk med vekt på regional- og næringsutvikling. Til Kompetanseforum Nord-Rogaland – offentleg blir politisk og administrativ leiing i kommunane i regionen invitert saman med deltakarar frå helseføretaket, NAV og fylkeskommunen for å gi innspel til fakulteta, og då særleg Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) og Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI). Til det andre møtet, Kompetanseforum Nord-Rogaland – næring er næringsklynger og dei største næringsforeiningane i regionen invitert, saman med representantar for regionrådet, fylkeskommunen, NORCE, KS, NHO og LO for å gi innspel særleg retta mot Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN) og Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS). Til begge desse møta blir også Saman og representantar for studentdemokratiet invitert.

Formålet med både Kompetanseforum Vestland og Kompetanseforum Nord-Rogaland er å vidareutvikle utdanning, forskning og utviklingsarbeid tett på studentar og arbeidsliv slik at den regionale utviklingsrolla vert teken betre vare på ved å leggje til rette for at kompetanse blir ein drivar for utvikling i arbeidslivet.

Også i 2020 har høgskulen hatt vertskommunemøte der ein tar sikte på å styrke og gjere studiestadane endå meir attraktive for noverande og framtidige studentar. Som ei oppfølging av vertskommunemøta inviterte høgskulen alle vertskommunane saman til vertskommune - forum. Dette vart ein interessant møtearena med gode diskusjonar med felles mål om å bidra til utvikling av vertskommunane, Vestlandet og høgskulen på veg mot å bli universitet.

Bidrags- og oppdragsverksemd

Den samla bidrags- og oppdragsfinansierte verksemda (BOA) utgjorde 224 mill. kr., noko som er ein auke på 12 mill. kr. samanlikna med 2019. Statlege bidrag utgjorde i overkant av 153 mill. kr., der 59 mill. kr. kjem frå Forskningsrådet og er ein auke på om lag 11 mill. kr frå 2019. Andre statlege bidrag har ein auke på 5 mill. kr. frå 2019, medan oppdragsinntekter har ein nedgang på om lag 10 mill. kr. frå 2019. Andre bidragsinntekter utgjør om lag 41 mill. kr., og er ein auke på om lag 13 mill. kr.

Samla sett er det Fakultet for ingeniør- og naturvitskap som står for den største auken i omsetning på eksterne prosjekt, med ein auke på om lag 50 % frå 2019. Den store auken er først og fremst knytt til ulike forskingsprosjekt.

Tverrfagleg samarbeid

Ph.d.-studiet Ansvarleg innovasjon og regional utvikling starta i januar. Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap er vertsfakultet, og studiet har tre faglege retningar fordelt over tre av fakulteta. Saman med ph.d. studiet i Helse, funksjon og deltaking, arrangerte desse to programma det obligatoriske ph.d.-emnet Vitskapsteori og etikk saman i 2020 med heile 30 deltakarar.

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap og Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap har starta sonderingar om moglegheiter for å tilby maskinistutdanning ved campus Haugesund. Dei same fakulteta har samarbeid om undervisning på emne i *Teknologiledelse, økonomi og nyskaping* for ingeniørstudentar, noko som har ført til fagleg innovasjon når det gjeld kunnskap om sirkulær økonomi. Satsinga *Sustainable Economics, Management and Innovations* blir utvikla i samarbeid med fleire institutt på Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap. Eit anna døme på tverrfagleg samarbeid er Berekraftskonferansen 2020, der fagmiljø frå fleire av fakulteta deltok.

Utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet

Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv er ein viktig faktor for å auke relevans i utdanningane. Høgskulen har søkt på og gler seg over tilsegn på fleire av utlysingane til DIKU, Utdanningsdirektoratet og Kompetanse Norge siste året. Dette gir handlingsrom til nytenking, utvikling av studieporteføljen og realisering av samarbeid med klynger, nettverk og verksemder. Gjennom deltaking i strategiske møteplassar som Kompetanseforum er høgskulen tett på andre aktørar som opplyser kva kompetansebehov som finst, og kor høgskulen bør dreie utdanningane. Når fakulteta opprettar eller reviderer studieprogram er det i dialog med det regionale samfunns- og arbeidslivet. Eksterne aktørar blir invitert inn i referansegrupper for å komme med innspel til utforming av studieprogramma. Vidare er arbeidslivsaktørar viktige samarbeids-partnarar ved utvikling av porteføljen av etter- og vidareutdanning slik at tilbodet svarar på etterspurt kompetansebehov.

Realisering av kompetansereforma og livslang læring er også høgt på dagsorden i høgskulen. I 2020 vart ei prosjektgruppe etablert for å sjå nærare på korleis høgskulen kan vere den føretrekte samarbeidspartnaren med høge ambisjonar om regional utvikling. Prosjektet føreslår strukturar og prosessar for å fange opp behov, sørge for at behova blir formidla og forankra i fakultet/fagmiljø med det formål å kunne utvikle relevante, etterspurde og fleksible studietilbod, både innhaldsmessig og organisatorisk. Vidare har det sett på marknadsstrategiar for å nå ut med informasjon om moglegheiter og kva service-funksjonar ein bør tilby studentane, enten det er digitalt eller på studiestadane. Prosjektet har diskutert korleis høgskulen bør organisere seg for å nå ambisjonane. Livslang læring fordrar ei felles forståing av kompetansereforma, fleksible system og fart. Arbeidet vil bli følgd opp i 2021.

Det er fleire døme på samarbeid med samfunns- og arbeidslivet, som blei etablert i løpet av året. Her er nokre eksempel:

- Fakultet for helse- og sosialvitenskap fekk prosjektmidlar frå DIKU til utvikling av desentralisert deltidsutdanning i vernepleie. I tett dialog med kommunar på Haugalandet er det utvikla ei nett- og samlingsbasert utdanning. Tilsvarande studiemodell er utvikla for deltidsutdanninga i vernepleie i Sogndal og det vert samordna undervisning og digitale nettmøte mellom studentane på dei to campusane.
- Eit av resultatane av dialog med kommunar i Sunnfjord, Nordfjord, Sogn og Haugalandet er utvikling av desentralisert deltidsutdanning i sjukepleie. Utdanninga startar opp hausten 2021 knytt til campus Bergen, Haugesund og Førde.
- Ved Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap har ein gjennom MARKOM2020 arbeidd med grunnlag for ny utdanningsmodell for nautikk med integrert praksis, mellom anna i samarbeid med Sjøfartens utdannings- og rekrutteringsforum. I 2020 søkte ein om finansiering frå DIKU. Den vart innvilga, og prosjektstart er i 2021.

- Fakultet for ingeniør- og naturvitskap har fått DIKU-midler til tre prosjekt innan programmet «Program for studentaktiv læring». Alle prosjekta blir no utvikla i samarbeid med arbeidslivet.
- Mohnsenteret fekk tildeling frå DIKU til eit prosjekt som går ut på å styrke ingeniørstudentar sin kompetanse med å jobbe i tverrfaglege team. Emnet blir utvikla i tett dialog med studentar og samarbeidspartnarar i ulike klynger og nettverk.
- Høgskulen fekk ekstra løyving på kr 5 mill. kr frå departementet for å styrkje den såkalla Stord-modellen. Dette utdanningsløpet svarar godt på Kompetansereforma ved å tilby skreddarsydd ingeniørutdanning for tilsette i Aker Solutions på Stord og andre industriverksemder i Sunnhordland.
- Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) har partnerskap mellom anna knytt til dei to nasjonale ordningane desentralisert kompetanseutvikling i skulen (DeKomp) og regional kompetanseutvikling i barnehagen (ReKomp), samt partnerskuleprosjekt (sjå nærmare omtale under «Andre særskilte tildelingar») og etablering av lærarutdanningsbarnehagar/-skular.



Stordmodellen: Samspelet mellom HVL og nettverket av industriverksemder på Stord og i Sunnhordlandsregionen har vore godt i mange år. I november 2020 ga regjeringa 5 millionar kroner til å styrke den skreddarsydde ingeniørutdanninga i den såkalla Stordmodellen. Den er retta mot personar som jobbar i Aker Solutions og andre verksemder i regionen. På bildet: Trond Haga (Aker Solutions), stortingsrepresentant Liv Kari Eskeland og prorektor for samhandling ved HVL, Liv Reidun Grimstvedt.

Delte stillingar med arbeidslivet

Høgskulen vil stimulere til auka relevans i utdanning og forskning i samarbeid med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep, ref. utviklingsavtalen. Det er vanskeleg å gi eksakte tal som viser utviklinga på dette området, sidan det er fleire måtar å rekne slike stillingar på, og at det til dels finns lite data. Det vi ser er at i det som reknast som "bistillingar" (stillingar på topp av 100 % ved høgskulen) er det 11 registrerte i 2020, mot 14 i 2019. Det blir stadig fleire tilsette som registrerer sidegeremål (verv, oppdrag og liknande).

Strategiområde 4: Bygging av institusjonen

Målbilete

Bygging av HVL som institusjon er ein føresetnad for å nå alle resultat- og effektmål.

For å nå resultatmåla har vi arbeidd etter to overordna strategiske mål og to verksemdsmål, som er utleidd av strategien. Det er ingen spesifikke indikatorar knytt til desse måla.

Strategiske hovudmål for HVL:

1. Høgskulen på Vestlandet skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil tufta på samspel, berekraft og nyskaping.
2. Dei felles faglege satsingsområda skal styrkje den profesjons- og arbeidslivsretta profilen og vere gjennomgåande perspektiv i utdanning, forskning, formidling og samhandling.

Verksemdsmål:

3. HVL skal vere ein berekraftig, effektiv og lærande organisasjon.
4. HVL skal ha eit godt og stimulerande arbeids- og læringsmiljø på alle campusane.

Oppnådde resultat på nasjonale styringsparameter og måleparameter i utviklingsavtalen:

Relevante nasjonale styringsparameter:	Resultat 2019	Resultat 2020
Prosentdel kvinner i dosent- og professorstillingar (%)	45,32 %	45,97%
Prosentdel midlertidig tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (%)	12,11 %	10,32%

Tabell 14: Nasjonale styringsparameter strategiområde 4.

Oppsummering av i kva grad høgskulen har nådd sine mål

For å nå målet om å vere berekraftig, effektiv og lærande, må ein nytte og utvikle kompetanse og ressursar på best mogleg måte. Det er naudsynt å ha eit heilskapleg perspektiv på høgskulen si totale verksemd. Utvikling av god porteføljestyling, etablering av digitale verksemdstyringssystem, satsing på kompetanse- og leiarutvikling og merksemd på miljø og berekraft var også i 2020 definert som aktuelle tiltak for å lukkast med dette. Utvikling av velfungerande campusar vil vere ein viktig del av dette heilskaplege arbeidet. Institusjonsbygging er i strategien omfatta av kompetansebygging, organisasjonsutvikling og samhandling, internasjonalisering og digitalisering. Tiltaka skal påverke vårt felles kulturelle grunnlag og medverke til at ein skal kunne nå mål på utdanning, forskning, formidling og felles faglege satsingar, i tillegg til å oppnå universitetsstatus. Institusjonsbygging er både ein kontinuerleg prosess i fakulteta og eit administrativt felt med særleg merksemd.

Kompetansebygging og strategisk rekruttering

Rekruttering av tilsette

Høgskulen skal bygge kompetanse og kapasitet for å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil. Dette skal skje ved strategisk kompetanseutvikling og målretta

rekruttering, for å vidareutvikle allereie sterke fagmiljø innan utdanning, forskning og administrasjon. Dette har lagt til grunn ved tilsetjing av nye medarbeidarar. Til dømes ved å alltid tilsette i førstekompetanse der det har vore mogleg.

Kvalitetssikring av rekruttering

Standardisering av rekrutteringsprosessen, rettleiing og prosedyrebeskrivingar er viktig for å sikre kvalitet i alle ledd av tilsettingsprosessen. For å bidra til kvalitetssikring av rekrutteringsprosessar har det blitt utarbeidd prosedyrar og ein rettleiar for rekruttering i den elektroniske leiarhandboka.

System for oversikt og framskriving av kompetansesituasjonen

Det har i løpet av året blitt utvikla eit felles system som kartlegg og gir oversikt over den samla kompetansen ved høgskulen, både når det gjeld formalkompetanse, pedagogisk kompetanse, digital kompetanse etc. Systemet vil i tillegg vere til hjelp for å estimere behovet for kompetanse i framtida, samt for å planlegge rekruttering og kompetanseutvikling for tilsette. Lansering og vidare utvikling skal skje i 2021.

Kompetanseportal med tilbod om kurs og opplæring/utvikling

I 2020 har det blitt inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) om bruk av Virksomhetsportalen som verktøy for kursadministrasjon – internt nyttast omgrepet «Kursplattformen». Denne vil samle dei fleste kompetansehevande tiltaka for tilsette og effektivisere all kursadministrasjon. Løysinga er klar til lansering og bruk vårsemesteret 2021.

Kompetansehevingsordningar for undervisnings- og forskarpersonale

Kompetanseheving for å løfte fleire til førstestillingar og professor/dosentstillingar har vore eit satsingsområde. Dette står nærare omtalt i kapittel III under Strategiområde 2.

System for merittering av undervisarar

For å styrke kvaliteten og synleggjere dei verdiar som god undervisning representerer vedtok styret i november ein modell for merittering av undervisning. Dette er høgskulen sitt svar på KD sitt krav om at alle institusjonane i sektoren skal ha ei slik ordning for sine tilsette i undervisnings- og forskarstillingar. I tillegg til betra kvalitet, ønsker ein med dette også å styrke statusen til undervisning, rettleiing og vurdering.

Forskarrekruttering og forskarmobilitet

I 2020 starta arbeidet med tilslutning til, og innføring av prinsippa i European Charter for Researchers and Code of Conduct for the recruitment of researchers (Charter and Code). Charter and Code legg til rette for at vitskapeleg tilsette og forskarar har dei same rettigheter og plikter på tvers av forskingsinstitusjonar i Europa. For å bli godkjent må høgskulen oppfylle ei rekkje krav på områda etiske og faglege forhold, opne rekrutteringsprosessar, arbeidsvilkår og karriereutvikling.

For å sikre at høgskulen lukkast med søknaden om å få status som godkjend Charter and Code-verksemd, og tenleg implementering i organisasjonen, vil det i 2021 bli rekruttert dedikerte personalressursar knytt til dette arbeidet.

Kjønnsbalanse

Høgskulen har kjønnsbalanse i ordinære dosent- og professorstillingar. I 2020 var prosenten kvinner 45,97 %, og det er tilnærma det same som i 2019. Den nye handlingsplanen for likestilling, mangfald og inkludering skal bidra til å oppretthalde dette. Målretta rekruttering og kompetanseutvikling er her viktige tiltak. Gjennomsnittsalderen i gruppa professor er 56 år, så høgskulen må aktivt syte for at vi klarer å behalde denne kjønnsbalansen.

Mellombels tilsette

Prosenten mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar har minka frå 12,11 % i 2019 til 10,32 % i 2020. Mellombelse stillingar er nærare omtalt i kapittel IV.

Organisasjonsutvikling

Organisasjonsutvikling (OU)

Høgskulen sin størrelse og kompleksitet tilseier at det til ei kvar tid går føre seg utviklingsarbeid i faglege og administrative einingar. Gjennom året har det vore lagt ned eit betydeleg arbeid med å få dei organisatoriske rammene til å fungere som drivkrefter for integrasjon av fagmiljøa på tvers av campusar. Fakulteta har også arbeidd vidare med å byggje sterke forskings- og utviklingsmiljø som kan nå opp i konkurransen om eksterne midlar. Ein har vurdert OU-tiltak opp mot mellom anna berekraftsmål og universitets-ambisjonen.

Endringsarbeid

Det har vore jobba med å sikre brei forståing for nye måtar å gjennomføre endringsarbeidet på (tempo, organisering og konsekvensar for styring og medverknad). Det har vore trong for å finne betre samsvar mellom ønska tempo og endra arbeidsform i utviklingsprosjekt, og etablerte institusjonelle ordningar for å sikre medverknad og medbestemming.

I 2020 har prosjektportalen blitt etablert. Dette er ei løysing for styring av prosjekt og prosjektportefølje, for å sikre transparens, og ikkje minst for å etablere eit kompetansefelleskap knytt til utviklingsarbeid organisert som prosjekt. For å sikre brei forankring i prioritering av digitaliseringsmidlar og oppfølging av bruken av desse, er det i tillegg til at strategisk ansvar er lagt til strategisk leiargruppe – etablert eit digitaliseringsteam på tvers av alle faglege og administrative einingar.

Leiarskapsbygging

Leiarutviklingstiltak med vekt på digitalisering og berekraft

Aktivitetane for leiarutvikling har blitt gjennomført som skissert i Handlingsplan for leiarutvikling, men med noko endra fokus grunna pandemien. Det har vore fokus på leiing i det digitale rommet, digitalisering og berekraft som strategiske endringsdrivarar for verksemda, samt utfordringane og mogelegheitene den nye digitale kvardagen gjer for leiing og samarbeid.

Høgskulen har gjennomført ei rekke tiltak for å bygge leiarskap. Mellom anna er det gjennomført eit program for forskingsgruppeleiarar i samarbeid med Universitetet i Stavanger. Det har vore månadlege leiar møte med tematikkar knytt til verksemdsstyring og implementering av strategiske initiativ, digitalisering og fjernleiing. Ein har hatt fokus på utvikling og effektivitet i leiargruppa sitt arbeid, og det har vore arrangert kurs for leiarar i tematikkar som bl.a. motiverande intervju, medarbeidaroppfølging, konfliktforebygging – og handtering. Høgskulen har i løpet av året gjennomført programmet «Leiing for kvalitet» som hadde fokus på utvikling av leiing som fag og leiing i UH sektor.

Digitalisering

Det har vore mykje målretta aktivitet tett på satsingsområde i den kommande nasjonale digitaliseringsstrategien, men også på dette området har pandemien påverka oss. Det viktigaste høgskulen har opplevd er at vi hadde robuste løysingar på plass, og tilstrekkeleg fleksibel bemanning til å møte dei mest presserande endringane. På mange måtar har 2020 bidrege til å flytte organisasjonen mange steg når det gjeld enkel digitalisering. Tung digitalisering i form av sterkt endra prosessar i undervisning, forskning og formidling, samt utviklinga av ein samla ny institusjon, ligg framleis framfor oss. Vi kommenterer difor berre kort dei årsplanmåla som var formulerte for 2020:

Teknologistøtte til endra undervisningsformer på og på tvers av campus

Dette har i stort monn handla om å legge til rette for at fagleg tilsette skal kunne levere undervisningstenester uavhengig av tilgang på campus. Erfaringane så langt er ikkje systematisk evaluerte, men det har mellom anna vore nokre systemutfordringar. I løpet av

året har det kome på plass leing og personale til å støtte faglege, pedagogiske og didaktiske vurderingar knytt til bruken av digitale verktøy i ulike delar av undervisninga. Ein har fått på plass medieteknologiske løysingar i tillegg til ein plan for utrulling av Læringslab på alle campus. Denne satsinga er viktig for å styrke alle dei fem campusane og vil bli vidareført i 2021. Sektorløysingar og institusjonelle nettverk er robuste og sikre, og tillèt ei lang rad ulike aktivitetstypar.

Forenkling, effektivisering og samordning av administrative system

I 2020 er det utvikla fleire robotar, og arbeidet med eit kompetansestyringssystem for faglege ressursar vart pilotert. I tillegg har fleire skjemaløysingar blitt utvikla. Mot slutten av året har vi starta utviklinga av virtuelle assistentar. Dette har gitt oss eit breitt tilfang av kunnskap som vi kan nytte i vidare utvikling.

Basis for å komme fleire steg lengre er å sikre kvalitet i dei datasetta vi har i ulike basar, at grensesnitt mellom desse er godt kjende og moglege å kople. For å komme dit har det blitt sett i verk eit stort arbeid kalla «Orden i eige hus».

Effektiviseringsmål er lette å uttrykke i forkant, men ikkje så lette å realisere. Difor har høgskulen i planlegginga for 2021 jobba med å innarbeide gevinstrealiseringsmerksemd i leiarutviklingstiltak som kjem, samt at dette er lagt inn som tydeleg emne i prosjektportalen.

Kompetanseheving for auka utnytting av IKT

Pandemien har pressa dei fleste inn i rask kompetanseutvikling knytt til ulike samhandlingsverktøy. Den langsiktige effekten av dette for fagleg verksemd står att å vurdere, men moglegheitene er synleggjort på ein ny måte for både administrativt og fagleg tilsette. I alle prosjekt for utvikling av nye administrative løysingar prøver vi systematisk å samhandle tett med eksterne rådgjevarar, slik at vi skulder-til-skulder lærer ny programvare.

Campusutvikling

Det er tilsett leiar for campusutviklingsprosjektet. Dette arbeidet inneheld særlege prosessar for kvar av campusane, og eit samla HVL-perspektiv. Resultatet skal vere tydelege planar for korleis dei fem campusane våre kan underbygge dei faglege ambisjonane, stadleg og samla. Sjå kapittel IV under «Campusutviklingsplanar og større byggeprosjekt» for meir informasjon om campusutvikling.

Arbeidsmiljø

Høgskulen har mål om å ha eit godt og stimulerande arbeids- og læringsmiljø på alle campus. Eit viktig tiltak for arbeidsmiljøet er Handlingsplan for helse, miljø og sikkerheit som er utarbeidd i 2020. Denne vil gi retning og prioriteringar for HMS dei neste åra.

Handlingsplanen er forankra i strategien, og byggjer på ei rekkje andre styrande dokument. Måla for handlingsplanen er at høgskulen skal vere kjenneteikna av helsefremmande arbeid, godt arbeids- og læringsmiljø, god sikkerheitskultur og beredskap. Kvart HMS-mål er delt opp i delmål for perioden 2020–2021 og skal realiserast gjennom tiltak sentralt, lokalt gjennom lokale HMS-handlingsplanar på fakultet/avdeling og institutt/senter, og i ulike former for samspel mellom einingar og nivå. HMS-handlingsplanen skal bidra til at alle som til ei kvar tid har arbeid ved HVL blir ivaretekne og ikkje vert utsett for negative belastningar som følge av arbeidet.

Den planlagde arbeidsmiljøundersøkinga ARK vart utsett på grunn av pandemien. Året vart nytta til planlegging og førebuingar til gjennomføring som skal skje hausten 2021. Under pandemien har det i staden vore satsa på å utvikle ressursar for å støtte leiarar i deira rolle med å ta vare på arbeidsmiljøet blant sine tilsette. Mellom anna ei eiga nettside om Leing i koronatid med ein samtalerettleiar om arbeidsmiljø under pandemi og heimekontor. Desse verktøya vil HVL fortsette å bruke når høgskulen kjem over i normal drift etter pandemien.

Dei interne retningslinjene seier at det skal bli gjennomført årlege vernerundar. Dette for å sikre at det vert arbeidd systematisk med forbetring av helse, miljø og sikkerheit. Det vart ikkje gjennomført vernerundar i 2020, men dette skal gjennomførast jamleg. I 2020 har vernetenesta blitt omorganisert. Den største endringa er i hovudsak at verne-områda vil følge organiseringa ved høgskulen framfor etter geografiske område, slik det var før. Nokre verneombod er også knytte til campus. Hovudverneombodet er nå tilsett i 100% stilling.

Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Høgskulen har dei siste åra hatt ein stor aktivitetsauke, og det er derfor stort arealbehov i form av både nybygg og rehabilitering/renovering ved fleire av campusane. Det er utbyggingsprosessar fleire stadar, og desse er komne ulikt langt i plan, avgjerdsprosessar og iverksetting.

Campus Bergen

Det største nybygget er knytt til Bergen (Kronstad). Dette bygget vart godkjent av KD i 2017 som kurantprosjekt og har blitt gjennomført av Statsbygg. Byggjearbeidet var fullført i februar, og prøvedriftsfasen blei då igangsett. Bygget blei overlevert 2. april og formelt opna 4. august 2020. Bygget er eit miljøbygg med 30 prosent mindre CO₂-utslepp og har mellom anna solcellepanel på taket. Gjennom konseptet «aktivitetsbaserte arbeidsplassar» gir bygget meir fleksibel og dynamisk utnytting av areala, med deling av fasilitetar i høgsetet. Dette er i tråd med internasjonale trendar og legg til rette for at utdanning, forskning og andre kjerneoppgåver kan skje i meir framtidretta former, samt at det bidrar til ønska byutvikling i området. Høgskulen vil med dette bygget styrkje utdanning og forskning av høg internasjonal standard, med vekt på kunnskaps-utvikling, nyskaping, kultur og livslang læring. Campus Bergen er samla på ein campus, noko som gir synergieffektar og høgare effektivitet. Bygget har moderne undervisningslokale med betre inneklima og universell utforming i tråd med forskriftskrav. På grunn av lite fysisk undervisning og få tilsette som har vore til stades på campus under pandemien, har ein ikkje fått testa ut lokala i stor nok grad til å konkludere med om bygget innfrir prosjektet sitt mål. Bygget vil ha vesentleg lågare energiforbruk med eit grønar fotavtrykk. I Bergen er det i tillegg inngått leigeavtale om leige av areal (BTA 1 000 m²) i samband med etablering av Helsecampus Årstadvollen, som blei formelt opna i august.

Campus Sogndal

Fullføringa og opninga av Bragebygget vart gjennomført i januar 2019. Bygget har gode og arealeffektive løysingar for campus Sogndal. I samband med innflytting i Bragebygget vart det frigjort areal i Fossbygget. For å få ei effektiv arealutnytting må delar av Fossbygget bli bygt om. Der trengst både kontor og undervisningsrom. Dette arbeidet er ikkje starta, men det er sett i gang ei bestilling på kartlegging av areal og behov framover.

Campus Førde

Campus Førde har framleis behov for større undervisningslokale og meir areal til arbeidsplassar for tilsette. Ein er i gang med å vurdere alternative løysingar av lettbygget på campus. Høgskulen er derfor i dialog med Statsbygg og prosjekt lettbygg er etablert.

Campus Haugesund

Ved campus Haugesund har aktivitetsauken i bygget, som stod klart på slutten av 90-talet, vore så stor at det er behov for nye areal. Statsbygg har gjennomført ein rom- og funksjonsanalyse som viser at dagens bygg ikkje har potensial for auka aktivitet. Med bakgrunn i notat frå konseptutvalet utarbeidd av Statsbygg 14.5.19, vedtok høgskulestyret å gå vidare med eit tilbygg med ei ramme på 4500m² BTA. Høgskulen har sendt bestillingsbrev for eit forprosjekt til Statsbygg.

Campus Stord

Kroppsøvingshallen på campus Stord er frå 1920 og har dei siste åra blitt rehabilitert av Statsbygg. Det har vore eit sterkt ønske om å føre hallen tilbake til sitt opphavlege uttrykk, noko som har ført til at hallen ikkje kan brukast som ordinær idrettshall. Hallen har verken størrelse eller fasilitetar som tilfredsstillar dagens krav. Det er derfor behov for å byggje ein ny hall. Styret har ikkje hatt saka til handsaming.

Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal

Høgskulen fekk tildelt 6 mill. kr. pluss 0,9 mill. kr. til fire prosjekt jf. supplerande tildelingsbrev av 19. mai og 29. juni 2020.

Det blei iverksett oppgradering av kafé- og vrimleareal ved Campus Stord i juni. Prosjektet inkluderte oppgradering av produksjonskjøkken, serveringsareal og vrimleareal. Prosjektet vart ferdig i desember. Prosjektkostnad var om lag 4,5 mill. kr.

Prosjekt Lettbygg ved Campus Førde blei iverksett i august. Bygget skal renoverast og nyttast til arbeidsplassar. Det er avhalden førehandskonferanse med kommunen og arkitekt er engasjert. Det blir arbeidd med å skissere ulike løysingar og kostnadsoverslag i samband med dei ulike alternativa.

Prosjekt Klimahuset, blei iverksett i august. Klimahuset er eit bygg på Kronstad i Bergen kor ein skal forske på trening i pluss- og minusgradar. Her skal ein også teste utstyr i ulike temperaturar. HR prosjekt AS, er engasjert via Statsbygg som byggeigar. Byggesøknad er sendt Bergen kommune og det blir arbeidd med dei tekniske løysingane samt prisoverslag.

Prosjekt Trelab (byggfag), blei iverksett i mai. Laben skal vere ein grovlab for instituttet, og skal ha ulike større maskiner som sager, betongmaskin med meir. Byggesøknad er handsama i Bergen kommune og igangsetjingsløyve blei gjeven i november. Byggearbeid er iverksett og prosjekt vil bli ferdig i april 2021.

Andre særskilte tildelingar

Høgskulen har mottatt følgande tildelingar i 2020 eller tidlegare som vi her vil omtale nærmare;

Tildeling	Beløp (kr)
Kap 275 post 21 Partnerskap i grunnskulelærerutdanninga	16 524 000
Kap 281 post 01 RNB 2019: Gjennomføring av tiltak for å auke rekrutteringa av menn til GLU 1-7	5 000 000
Kap 291 post 72 Opprette grunnutdanning for tolking i offentleg sektor	1 700 000
Kap 260 post 50 RNB 2020 Supplerande tildelingsbrev: Auka studiekapasitet og fleire rekrutteringsstillingar hausten 2020.	6 693 000
Kap 260 post 50 Supplerande tildelingsbrev 2020: Støtte til stipendiatar og postdoktorar med finansiering frå EU og private aktørar, samt korrigering av NFR-indikatoren og justering støtte stipendiatar og postdoc	673 000
Via andre: MARKOM 2020	6 790 000

Tabell 15: Andre særskilte tildelingar

Partnerskap i grunnskulelærerutdanninga

Sum tildelte midlar til utvikling av partnerskap i grunnskulelærerutdanninga (kap. 281 post 01) i ordinært tildelingsbrev for 2019 var kr 7 254 000 og i 2020 fekk høgskulen ei supplerande tildeling på kr 9 270 000. Oppretting og utvikling av lærarutdanningsskular og barnehagar er starta opp som eit 4-årig pilotprosjekt (2020-2024). Hausten 2020 blei det inngått partnerskap med 6 grunnskular i alle nærregionar til studiestadane i Bergen, Stord og Sogndal. Frå hausten 2021 skal også 4 barnehagar vere med i piloten. Etablering og utvikling av lærarutdanningsskular og -barnehagar skal etter pilotperioden skalerast opp til å gjelde samarbeid med fleire grunnskular og barnehagar og vere ei varig ordning og framtidig satsing

i alle nærregionar. Høgskulen vil gjennom arbeidet bli sterkare knytt til praksisfeltet og styrkje relevansen når det gjeld forskingsbasering av lærarutdanninga. Representantar frå skulane skal kunne bidra inn i undervisninga ved høgskulen og sørge for aktualisering og relevans i lærarutdanninga. Det vert for tida arbeidd med å få til god kommunikasjon og ei god organisering av partnerskapet, samt etablere og komme i gong med forskings- og utviklingssamarbeid.

Høgskulen har tidlegare nytta midlar for utvikling av partnerskap i grunnskulelærer-utdanninga i eit samarbeidsprosjekt med Bergen kommune. Gjennom ein fireårsperiode frå desember 2016 til desember 2020 vart det prøvd ut ulike former for samarbeid på eit alt etablert forhold mellom dei to organisasjonane. Prosjektet var omfatta av ti grunnskular i Bergen kommune.

Tiltak for å auke rekrutteringa av menn til GLU 1–7

Høgskulen fekk i 2019 tildelt 5 mill. kr. på kap. 281 post 01 til gjennomføring av tiltak for å auke rekrutteringa av menn til GLU 1-7. Høgskulen har sidan januar 2020 leia eit nasjonalt tverrinstitusjonelt rekrutteringstiltak for å få fleire menn til å velge lærarutdanning for dei yngste elevane. Departementet ønskte å bygge ut målgruppa til mellom anna å omfatte mannlege søkarar til barnehagelærarutdanning og søkarar med innvandrarbakgrunn til lærarutdanning, og auka difor tildelinga i 2020. Det er tilsett ein prosjektleiar og ein kommunikasjonsrådgivar som skal ivareta det nasjonale informasjonsarbeidet. Det er inngått samarbeid med Høgskolen i Innlandet (INN), Norges arktiske universitet (UiT) og Nord Universitetet. Frå hausten 2021 skal ytterlegare ein høgskule eller universitet bli inkludert i tiltaket. I tillegg er det oppretta ei referansegruppe der mellom anna desse er representert: UiT, INN, Nord universitet, Utdanningsforbundet, Pedagogstudentane og KS. Så langt er det utvikla eit mentorprogram for studentar som rollemodellar. Rollemodellane skal besøke vidaregåande skular og folkehøgskular i heile landet. Hensikta er å endre kjønnsstereotypiske oppfatningar og gjennom dette påverke utdannings- og yrkesval. Det er sendt førespurnadar og gjort avtalar med vidaregåande skular i fleire fylke. I desse dagar vert rollemodellane sendt ut på turné, både fysisk og digitalt. Tildelinga frå KD er eittårig, men det er utforma eit opplegg over fleire år innanfor rammene som er sett av til prosjektet.

Opprette grunnutdanning i tolking i offentleg sektor

I tildelingsbrev for 2020, kap. 291 post 72, tildelte regjeringa høgskulen 1,7 mill. kr. for å opprette grunnutdanning for tolking i offentleg sektor. Dei tildelte midlane er nytta til å opprette eit deltidsstudium i tolkeutdanning. Studiet Tolking i offentleg sektor går over eitt studieår og består av to emne. Studietilbodet er utvikla i samarbeid med UiB, som også bidreg med undervisning. Undervisninga har vore organisert i form av 3 helgesamlingar samt kveldsundervisning. Det har vore gitt tilbod om fire språk i 2020/2021; arabisk, polsk, tigrinia og dari. Desse er valde ut i samarbeid med IMDI og OsloMet.

Tolkeutdanninga blei lyst ut med 30 plassar som alle vart fylt opp. Gjennomføringsgraden for første kull på haustemnet har vore på nær 90%. Det er ute ny utlysning for utdanninga med oppstart hausten 2021. Denne gongen med opptak til sju ulike språk; arabisk, kurmanji, sorani, pashto, thai, vietnamesisk og somali. På sikt ynskjer ein å utvikle eit bachelorstudium i Tolking i offentleg sektor. Det er dialog med IMDI om å utvikle eit nytt emne i skjermtolking, med oppstart hausten 2021.

Tildelte midlar i Revidert nasjonalbudsjett (RNB)

Høgskulen fekk i RNB tildelt 181 nye studie plassar. Tabellen på neste side viser korleis desse plassane vart fordelt internt i høgskulen på fakultet og studieprogram. Søkartala til desse programma har vore svært gode.

Studieprogram	Nye studieplassar RNB 2020
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS)	
Bachelor i økonomi og administrasjon	55
Master in Business IØA	5
Master i maritime operasjonar IMS	20
Studieplassar totalt FØS	80
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)	
Grunnskulelærarutdanning 1-7	4
Grunnskulelærarutdanning 5-10	6
Barnehagelærarutdanning deltid	10
Bachelor i folkehelse med vekt på kosthald og fysisk aktivitet	6
Nye studieplassar totalt FLKI	26
Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS)	
Bachelor i sjukepleie	20
Bachelor i vernepleie	20
Bachelor i barnevern	10
Bachelor i sosialt arbeid	10
AOI Intensivsjukepleie	5
Helsesjukepleie	10
Nye studieplassar totalt FHS	75

Tabell 15: Nye studieplassar

11 nye stipendiatstillinger er fordelt prosentvis i tråd med fordeling av studieplassar, og det er igangsett tilsettingsprosessar. Dei ubrukte midlane frå 2020 er vidareført inn i 2021 i eit stipendiatfond.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap fekk tildelt 2 mill. kr. som særskilt finansiering av helseutdanningane. Midlane skulle brukast til auka undervisningsressursar, tilpassing av læringsareal og klinisk undervisning. For å nå måla om å auke studentkapasiteten og ivareta god kvalitet i utdanning og oppfølging av studentane, har fakultetet iverksett ulike tiltak.

Fakultetet har hatt fokus på å utvikle fleire digitale læringsressursar, og om lag kr 456 000 av midlane er nytta til auka arbeidstid til studentoppfølging, tilpassing av emne og utvikling av digitale læringsressursar. Om lag kr 500 000 av midlane er nytta til tilsette si arbeidstid for oppfølging av studentar, i tillegg til ekstra ressursar for å utvikle eit digitalt opplegg for rettleiing og vurdering av studentar i praksis. Auka studentkapasitet har også medført behov for tiltak knytt til læringsareal. Fakultetet har nytta noko av midlane til å utbetre læringslab/Simarena med utstyr til å handtere fleire studentar, om lag kr 770 000. Dei resterande midlane vil nyttast første halvår 2021.

Støtte til stipendiatar og postdoktorar med finansiering

Tildelinga vart gitt på bakgrunn av innrapportert tal på stipendiatar/post.doc med finansiering frå EU og private aktørar. Tildelinga skulle dekke nødvendig utvida stipendiat/post.doc-periode på grunn av forseinkingar knytt til pandemien for 14 tilsette. Det har vore ein intern prosess knytt til utvida periode. Høgskulen utvida alle stipendiatar sin periode med 1 månad, utover dette vart det gjort individuelle vurderingar. Dette har gitt Høgskulen ein eigenandel som blir finansiert av desse midlane. Tildelinga var på kr 586 000. I tillegg vart det i dette tildelingsbrevet justert ramme knytt til resultat-basert omfordeling på kr 87 000. Dette vart lagt til ordinær driftsramme/stipendiatbudsjett.

Tildelte midlar til maritim kompetanseheving – via Universitetet i Sørøst-Norge, Markom2020

Markom2020 er eit nasjonalt prosjekt som skal bidra til å heve kvaliteten i maritim profesjonsutdanning. Prosjektet er eigd av NTNU i Ålesund, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Sørøst-Norge (USN) og UiT – Norges arktiske universitet og er finansiert over statsbudsjettet. Til grunn for prosjektet ligg «Stø kurs – Regjeringas strategi for miljøvennleg vekst i dei maritime næringar» og Marut-utvalets rapport «Maritim profesjonsutdanning – forslag til ny nasjonal struktur for maritim offisersutdanning». Prosjektet er administrert av USN og har ei styringsgruppe med deltakarar frå kvar av dei fire institusjonane, studentane og frå organisasjonar knytt til maritim næring. Høgskulen fekk tildelt 6,79 mill. kr. til dette, og har brukt om lag 4,39 mill. kr. i 2020 av dei tildelte Markom-midlane. Om lag 2,4 mill. kr. er overført til 2021.

I 2020 har høgskulen leia den nasjonale arbeidsgruppa som har utarbeidd eit avgjerdsgrunnlag for vidare utvikling av ny utdanningsmodell med integrert praksis for nautikkutdanninga, hatt ansvaret for andre år av pilotgjennomføringa på overgangsordninga mellom fagskule og bachelor, Bachelor i maritime management, i tillegg til fleire mindre prosjekt retta mot sjørett, maritim evakuering, og liknande.

Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda

I tråd med rapporteringskrava frå departementet gir dette kapittelet ein omtale av følgjande område:

- Styring og kontroll
- Informasjonstryggleik
- Oppfølging av digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren
- Mellombelse stillingar
- Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjenge

Styring og kontroll

Arbeidet med å utvikle felles strukturar for heilskapleg styring har fortsett i 2020. Det er fleire fasettar i dette, mellom anna; leiarutvikling og utvikling av toppleiargruppa, utvikling av verksemdsplanlegging/ -rapportering som styringssystem, systematisk samordning av plan-, budsjett- og rapporteringsprosessar, utvikling og iverksetting av metodikk og retningslinjer for risikostyring, og fleire prosjekt for å gjere styringsinformasjon betre og meir tilgjengeleg. Ein har implementert prosjekt- og porteføljestyling med eit styre og eit prosjektkontor for å få betre styring av bruken av prosjekt som metode og styringsverktøy.

I løpet av året har det blitt arbeidd vidare med å få på plass ein struktur for operasjonalisering av strategiske ambisjonar til operative planar. Sentralt i dette er vidareutviklinga av det risikobaserte og systematiske plan- og rapporteringsarbeidet og å kople planlegging tettare saman med budsjettprosessane. Dette er eit arbeid vi vil halde fram med i 2021. I kapittel V «Framtidsutsikter» kjem vi tilbake til dei konkrete ambisjonane og prioriteringane for 2021.

Ei viktig kjelde til kunnskap om styringa og kontrollen finn vi i evalueringsrapporten frå Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) knytt til fusjonsprosessen. Rapporten blei levert i februar og har vore eit sentralt læringsdokument.

Overordna system for risikovurdering

Høgskulen har over tid hatt større merksemd på systematisk arbeid med risikostyring, -vurdering og -analyse. Vi vil her skilje mellom handtering av operasjonell risiko (mest knytt til innsatsfaktorar, aktivitetar og prosessar) og strategisk risiko (mest knytt til det å nå mål og oppnå brukar- og samfunnseffektar). Det kan vere begge typar risiko knytt til å levere produkt og tenester.

Operasjonell risiko

Her vil høgskulen trekkje fram at i 2020 har kompetansen og kapasiteten i krise- og beredskapsarbeidet blitt styrka. Risikometodikk har derfor kunna bli brukt i handteringa av pandemien. Det å følgje opp rapporten frå ROS-analysen som blei gjennomført i 2019 og Riksrevisjonens revisjonsrapport for 2019 om samfunnssikkerheit og beredskap ved statlege universitet og høgskular er dømer på den operasjonelle risikohandteringa.

Strategisk risiko

Dette handlar primært om risiko for å ikkje nå mål, og er då naturleg tett knytt til årsplanlegginga. I 2020 er meir av metoden som går fram av rettleiinga frå DFØ teken i bruk, og risikovurderingar er brukt som grunnlag for årsplanlegginga. I kapittel V «Framtidsutsikter» kjem vi tilbake til den konkrete risikoen som er avdekt, og korleis dette påverkar årsplanane for 2021.

Overordna vurdering av tilstanden for styring og kontroll

Høgskulen arbeider systematisk med å utvikle mål- og resultatstyring og risikostyring som verktøy for betre styring og kontroll. Samstundes er det viktig for oss å halde ved like og vidareutvikle andre verktøy, som internkontroll og internrevisjon.

Internkontroll

Mykje av internkontrollen ved høgskulen er nedfelt i ulike handbøker, som HMS-handboka, leiarhandboka og personalhandboka og desse ligg lett tilgjengeleg for tilsette. Ein annan stor del av internkontrollen er knytt til faglege kvalitetssystem. Det er eigne styringsprosessar som følgjer opp dei ulike delane av internkontrollen, og det er ingen indikasjonar på at dette ikkje fungerer som planlagt. NOKUT godkjende i 2020 høgskulen sitt arbeid knytt til kvalitet i utdanningane, men dei kom også med råd til vidareutvikling av det systematiske kvalitetsarbeidet. Råda omhandla mellom anna å ta større eigarskap til omgrepet utdanningskvalitet, tydeleggjere leiingsstrukturen ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, at student-evalueringar ikkje står aleine som kjelder når kvaliteten i emne eller studietilbod skal vurderast og tydeleggjering og systematisk bruk av eksterne kjelder i kvalitetssikrings-systemet.

Internrevisjon

Høgskulen har eit internrevisjonssamarbeid med Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger og Nord universitet om to årlege, felles revisjonar. Internrevisjonen har til oppgåve å evaluere og forbetre effektiviteten og vurdere kor tenleg organisasjonen sine prosessar knytt til styring og kontroll er. Dette bidrar til kontinuerleg forbetringsarbeid og er dermed med på å bidra til å nå fastsette mål. I 2020 vart det gjennomført revisjonar knytt til anskaffingsprosessen og til forvaltning av IKT-utstyr.

Samla vurdering

Ut frå rapportar frå internkontrollverksemd, internrevisjon og eksterne tilsyn og evalueringar er den overordna vurderinga at høgskulen har rimeleg god styring og kontroll innan dei enkelte verksemdsområda, men med nokre forbetringspunkt. Forbetringspunkt kjem mellom anna fram i Riksrevisjonens revisjonsrapport for 2019 om samfunnssikkerheit og beredskap ved statlege universitet og høgskular, NIFU-evalueringa og intern ROS-analyse. Funn i evalueringa frå NIFU viser at høgskulen har nokre utfordringar knytt til styring og kontroll. Evalueringa er omtalt særskilt under.

Risikoen for brot på lovar og reglar blir vurdert som forholdsvis låg, kvaliteten på rapporteringa som forholdsvis god og risikoen for vesentlege feil som forholdsvis låg. Drifta er rimeleg effektiv og målretta.

Det er ikkje avdekkja økonomisk mishald i 2020 og det var ingen merknader frå Riksrevisjonen i 2020 knytt til revisjonen for 2019.

Oppfølging av NIFU-rapporten «En forskningsbasert følgeevaluering av HVL»

NIFU har gjennomført ei følgjeevaluering av fusjonen mellom Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund. Rapporten, som blei ferdigstilt i februar 2020, peikar på at høgskulen mellom anna bør jobbe vidare med styringslinjer, kommunikasjon, administrativ organisering, balansen mellom standardisering og lokale tilpassingar, leiging, strategisk handlingsrom på fakulteta, felles identitet og dialog i organisasjonen.

Oppfølginga av rapporten er i hovudsak integrert i einingane sitt ordinære utviklingsarbeid. Nokre tiltak har ein likevel valt å samkøyre. Når det gjeld å tydeleggjere organisasjonen har høgskulen sett i verk ei rekkje tiltak. Det har mellom anna vore gjennomført ei kartlegging av erfaringar med dagens leiarstruktur på rektoratnivå og anbefaling om justeringar, ein har kartlagt administrativ understruktur og tydeleggjort og samordna denne, og det har blitt

utarbeidd retningslinjer for bruk av kommunikasjonskanalar og -plattformer. Det har vore fokus på tydeleggjering i mange digitaliseringsprosjekt, då digitale verktøy forenkler og strømlinjeformer arbeidsprosessen, og det har blitt jobba med å tydeleggjere leiarstrukturen i fakulteta.

Når det gjeld kulturutvikling har det mellom anna vore gjennomført program i forskingsleiing, samlingar i ulike einingar med tema knytt til samarbeid og temaet kulturutvikling inngår som ein stor del av campusutviklingsprosjektet og har også vore tematisert på leiarsamlingar. I tillegg har det vore gjennomført kurs for leiarar knytt til medarbeidaroppfølging og konfliktførebygging og -handtering, ein har satsa på brukarorienterte arbeidsmetodar i organisasjonsutviklingsprosessar og utvikling av digitale verktøy. I tillegg har det vore fokus i leiarutviklingsarbeid, bl.a. på leiarutviklingsprogrammet «Leiing for kvalitet».

Det er ved fakulteta sett i verk ulike tiltak for å følgje opp forbetningspunkta i rapporten. Mellom anna har det vore fokus på å auke medverknaden frå dei tilsette og å sikre informasjonsflyt internt. Elles kan ein nemne fells forskings- og utdanningsseminar for heile fakultet, fokus på HMS, tilsetingar og økonomi på instituttmøte og seminarrekke med formidling av intern forskingsaktivitet.

Evaluering av koronaberedskapen

I 2020 blei eit eksternt konsultentselskap engasjert for å undersøkje og evaluere kriseleiinga i første fase av handtering av pandemien frå mars til juni med det formål å lære av handteringa av pandemien samt å sjå på korleis ein kan bruke lærdommen frå denne hendinga til å førebyggja, og til å betre handteringa av kommande hendingar.

Rapporten frå konsultentselskapet peikar på ei rekkje aspekt som fungerte bra i den første fasen av handtering av krisa, men viser og til fleire læringspunkt. Det vart mellom anna påpeikt at kriseleiinga bidrog til å styrkje organisasjonen etter endringsprosessen høgskulen har vore gjennom, førebuingar gjorde det mogleg med planlagt improvisasjon, men at leiinga kunne vore betre trenar i proaktiv kriseleiing på strategisk nivå. Leiinga under krisa var prega av handtering av operative driftsutfordringar og i mindre grad av proaktive prioriteringar. Kontinuitetsplanlegginga har vore effektiv når det gjeld omlegging av drift, medan ein bør auke fokus på læring frå krisa, omstilling, endring og innovasjon. I tillegg vart det påpeikt at det truleg ville vore tenleg med meir tovegs-kommunikasjon og tilbod om psykososial omsorg i ein situasjon som var så usikker.

Lovar og reglar vert overhalde

Studentombodet melder i sin årsrapport at det var 176 saker i 2020, som alle er avslutta. Saksmengda var omtrent som i 2019 og ein opplever at dei fleste sakene vert raskt løyst. Studentombodet påpeikar likevel nokre forbetningspunkt knytt til føreseielege fristar knytt til timeplanar og tildeling av praksisstadar, arbeidskrav og tre tilfelle der høgskulen har vore på kanten av loven.

Personvernombodet skal kontrollere at personvernlovgivinga og andre relevante regelverk med personvernbestemmingar vert overhaldne, i tillegg til høgskulen sine eigne interne retningslinjer for personvern. Det er dessutan ei viktig oppgåve for ombodet å gi råd og anbefalingar om forpliktingane etter personvernlovgivinga. Dette gjeld både overfor tilsette, studentar og andre som behandlar personopplysningar på vegne av høgskulen.

Hovudutfordringa for personvernet i 2020 har vore rask overgang til det digitale som følge av pandemien. Personvernombodet har i stor grad handtert spørsmål frå både tilsette og studentar om korleis den enkelte skal overhalde krav om personvern på blant anna heimekontor, i undervisning og i student- og forskingsprosjekt. Det har vore større behov for å utarbeide retningslinjer for korleis ein skal ivareta personvern i digitale løysingar, f.eks. ved

gjennomføring av digital undervisning og korleis forsking- og studentprosjekt skal bli gjennomført utan fysiske møte med sine informantar.

Rapportering på andre føresetnader og krav

Inkluderingsdugnad

Høgskulen har arbeidd for å auke medvitet om inkluderingsdugnaden, og har mellom anna inkludert informasjon i opplæringstilbod som gjeld tilsetting. Det har vore eit særleg fokus på å informere leiarar om regelverket knytt til innvandrarbakgrunn/nedsett funksjonsevne/ hol i CV i samband med intervjuprosessen, og alle utlysingstekster for ledige stillingar inneheld følgjande formulering: «Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hull i CV. Høgskulen på Vestlandet er ei IA-verksemd».

Høgskulen sitt rekrutteringsverktøy har ikkje hatt funksjonalitet for registrering av hol i CV. Dette er no på plass, men vi arbeider framleis med å få talmateriale på dette. Det finst ikkje data på om det er tilsett medarbeidarar med nedsett funksjonsevne i 2020. Store delar av tilsettingane gjeld dessutan faste undervisnings- og forskarstillingar. I desse tilsettingsprosessane vert rangeringa av kandidatar bestemt gjennom sakkunnig vurdering (jf. forskrift), noko som gjer det vanskeleg å særleg tilgodesjå kandidatar med hol i CV og/eller nedsett funksjonsevne.

Informasjonstryggleik

Høgskulen har i 2020 arbeidd med å følgje opp leiingssystemet for informasjonstryggleik, med særskild fokus på operasjonalisering. Leiinga sin årlege gjennomgang av arbeidet med informasjonstryggleik syner at systemet er godt kjent av leiarar og systemeigarar for større fellessystem, men for andre system- og tenesteeigarar står det framleis att arbeid for å gjere innhaldet i ansvaret kjent. Arbeidet vil difor halde fram i året som kjem.

Handtering av pandemien har prega året på alle område, også innanfor informasjonstryggleik og personvern. Viktigast her har vore trygg bruk av digitale verktøy for undervisning, samhandling og møter. Midt oppi akutt trong for svært utbreidd bruk av slike verktøy har dom frå EU-domstolen gjort arbeidet meir krevjande med mange avklaringar om personvern og tekniske tryggingstiltak ved overgang til det digitale. Det har vore stort behov for nye retningslinjer og rutinar for korleis ein skal behandle personopplysningar i digitale verktøy, mellom anna i undervisning.

Oppfølging av digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren

Digitaliseringsarbeidet i sektoren har handla om å følgje opp dei ambisjonane som vart uttrykte i Digitaliseringsstrategi for universitets- og høyskolesektoren 2017 – 2021. Ansvaret for å sjå til at dette arbeidet vert gjennomført ligg til digitaliseringsstyret under Unit der høgskulen var representert fram til årsskiftet.

Når det gjeld handlingsplanrealiseringa er høgskulen representert i både fagutval for utdanning, tenesteråd for studieadministrasjon og fagutval for forskning. I tillegg var vi representert i fagutval for økonomi, leiing og kontorstøtte inntil det blei omgjort, og er dessutan med i koordineringsorganet for IT-leiarar i sektoren.

Den nye nasjonale digitaliseringsstrategien som kjem i januar 2021 skal realiserast samstundes med at høgskulen har ambisjonar om å bli eit universitet. Digitaliseringsstrategien i sektoren, og tilhøyrande prosjekt, kjem oss delvis i møte i utviklingsarbeidet. Men desse prosjekta er store, og ofte baserte på premisser frå dei store tradisjonelle universiteta, slik at høgskulen alltid må vere vaken for at vi kan få løysingar som ikkje høver eit nytt og

moderne universitet på Vestlandet. Høgskulen har dessutan behov for visse tiltak no, og ikkje om nokre år, slik utrullingsplanane frå UNIT ser ut. Høgskulen har relevante institusjonelle satsingar på dei fleste nasjonale satsingsområda.

Det er iverksett eit eige prosjekt – «Orden i eige hus» i samsvar med retningsliner frå Digitaliseringsdirektoratet - for å sikre god oversikt over data vi forvaltar. Dette er også grunnlag for systemintegrasjonar mellom sektorløysingar og eigenutvikla applikasjonar.

Mellombelse stillingar

Høgskulen har, også i 2020, hatt fokus på å i all hovudsak tilsette i faste stillingar. Dette har vore tema både i leiarutvikling og interne dialogar. I tillegg har merksemd på betre planlegging av tilsettingar ved å sjå på økonomiske prognosar, venta aldersavgang, planlagde nye stillingar og liknande gjort behovet for mellombelse tilsettingar mindre. Arbeidet med å rekruttere i faste stillingar har i stor grad starta tidleg nok til å unngå mellombelse løysingar fram til den fast tilsette er på plass.

Prosentdel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar har minka frå 12,11% i 2019 til 10,32% i 2020. I administrative stillingar var talet på mellombelse stillingar 14,34% i 2019 og 13,89% i 2020.

Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjenge

Høgskulen sin strategi slår fast at «mangfald, medverknad, likestilling og HMS-arbeid skal stå sentralt i utviklinga av organisasjonen». I 2020 har Råd for likestilling, mangfald og inkludering meisla ut ein framtidsretta handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering. Dette er den første handlingsplanen for likestilling, mangfald og inkludering, og den skal bidra til å sette kursen for dette feltet i åra framover.

Rekrutteringsprosessen har blitt standardisert og for å sikre kvalitet i alle ledd er det utarbeidd prosedyrebeskrivingar. Dette vil også ha effekt på likebehandling av søkarar og motverke potensiell forskjellsbehandling basert på kjønn og mangfaldsfaktorar.

Grundige analyser for å vurdere om kjønn eller mangfald påverkar lønns- og arbeidsvilkår er ikkje gjort. Høgskulen arbeider uansett kontinuerleg for å motverke at diskriminering skal oppstå. I 2021 vil høgskulen utarbeide lønnsstatistikk der fordeling på kjønn er med.

Høgskulen er IA bedrift og praktiserer derfor tilrettelegging for tilsette med behov for det, så langt det er praktisk mogleg. Når det gjeld kombinasjonen av arbeid og familieliv har høgskulen fleksitidsordning for administrativt tilsette og undervisnings- og forskarpersonale har moglegheit til å påverke korleis arbeidstida vert disponert. Den enkelte si arbeidstid skal avtalast mellom leiar og arbeidstakar og det skal tas omsyn til livsfase og livssituasjon.

Tala for kjønnslikestilling er relativt gode, men det er utfordringar med låg kvinneprosent i enkelte av ingeniørfaga. På kvinne-dominerte fag er prosentdel menn låg. Når det gjeld prosentdel kvinner er det 69% kvinner i administrative stillingar, 44% kvinner i drifts- og vedlikehaldsstillingar, 32% i støttestillingar for undervisning, forskning og formidling og 60% kvinner i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar. Dei generelt gode tala er eit resultat av langsiktig arbeid som starta allereie før fusjonen ved dei tre fusjonerte høgskulane og har fortsett vidare.

Mangfald og inkludering er område høgskulen ikkje har tal på som kan gi eit mål på status. I 2020 har høgskulen ikkje hatt særskilte tiltak på desse områda bortsett frå å utarbeide handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering med tiltak og ansvarsfordeling. Denne planen vert sett i verk i 2021.

Arbeidet med universell utforming av bygningar, læringsmiljøet og campusområdet er ein viktig del av tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne.

Språkpolitisk arbeid

Den viktigaste saka for språkpolitisk utval ved høgskulen i 2020 har vore å kartlegge den parallelle bruken av norsk og engelsk fagspråk i pensumlitteratur, undervisning og formidling ved høgskulen. Rapporten frå dette arbeidet viser at det på noverande tidspunkt er ei klar overvekt av norsk som undervisningsspråk og språk i pensumlitteratur. Publiseringa går derimot stort sett føre seg på engelsk. Arbeidet med parallellspråk vert vidareført i 2021. Når det gjeld målbruk i offentleg teneste får høgskulen jamt over svært gode tilbakemeldingar frå Språkrådet. Høgskulen har og som første institusjon i sektoren arrangert digitalt nynorsk kurs for tilsette i samarbeid med Språkrådet.

I 2020 delte høgskulen ut språkprisen for første gang. Den blei tildelt førsteamanuensis i matematikdidaktikk, Rune Herheim.



Språkpris: Førsteamanuensis Rune Herheim ved Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking.

Campusutviklingsplanar og større byggeprosjekt

Utvikling av levande campus var ein viktig del av fusjonsavtalen som skapte Høgskulen på Vestlandet. Det skal etablerast campusutviklingsprosjekt ved kvar av dei fem campusane fram til utgangen av 2021. Samla sett skal dette arbeidet føre fram til ein overordna strategi som skal vidareutvikle høgskulen og kvar av dei fem campusane. Arbeidet er forankra i strategisk leiargruppe som prosjekteigar.

For høgskulen handlar campusutvikling om den faglege aktiviteten på campus. Campusane skal vere attraktive for studentar og tilsette. Arbeids- og samfunnsliv skal ha eigarskap til campusar med tydelege profilar. Høgskulen skal ha berekraftige campusar som veks ut av Høgskulen på Vestlandet som heilskap, og som samtidig har sterke lokale røter. I eit langsiktig arbeid med kultur- og institusjonsbygging vil campusutvikling ha ei særskild viktig rolle der kvar av campusane skal lære av kvarandre, og lære til kvarandre.

Arbeidet starta i 2020 med ein digital utviklingsverkstad for campus Stord over tre dagar i juni månad. Rammer og føringar for verkstaden var å utvikle campus Stord der den er i dag, og å fylle opp studieplassar ved campus. Ulike scenarior blei utvikla i arbeidet under verkstaden. Arbeidet ved campus Stord skal ferdigstillast i første kvartal 2021. I november starta arbeidet med å førebu ein digital utviklingsverkstad for campus Førde. Denne verkstaden vil finne stad i byrjinga av 2021. Det vil bli utviklingsverkstadar i Haugesund, Sogndal og Bergen i løpet av 2021.

Arbeidet med prosjekt campusutvikling er godt etablert i organisasjonen og framdrift er etter vedtatt plan. Informasjon om campusutvikling finn ein på [Campusutvikling - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](https://www.hvl.no/campusutvikling).

Større byggeprosjekt

Større byggeprosjekt er omtalt i kapittel III under «Samfunns- og effekt mål for byggeprosjekt».

Kapittel V Vurdering av framtidsutsikter

Framtidsutsikter og planar

HVL har ein profil som kviler på at vi samspelear godt internt og med omverda, at vi er ei drivkraft i berekraftig utvikling og at vi klarar å omsetje kunnskap og kompetanse til nyskaping. Ut frå dei framtidsutsiktene og dei ambisjonane som kjem fram i langsiktige føringar og ambisjonar for universitets- og høgskulesektoren meiner vi at høgskulen vil få ei stadig viktigare rolle som ei drivkraft både lokalt, på Vestlandet som region, nasjonalt og internasjonalt. Samspel, berekraft og nyskaping er også viktig for å kunne utvikle høgskulen i tråd med langtidsplanen for høgare utdanning, realisere gevinstane av strukturreforma og levere i tråd med våre eigne verksemdsmål og måla i utviklingsavtalen.

Dei overordna, strategiske ambisjonane er å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil, og at høgskulen i utdanning, forskning og utviklingsarbeid skapar ny kunnskap og kompetanse, som er forankra internasjonalt og omsett til løysingar som verkar lokalt. Vi skal bli eit universitet fordi det vil styrkje den profesjons- og arbeidslivsretta profilen, og betre vår evne til å nå strategiske mål.

Gjennom å satse meir på FoU knytt til dei utdanningane vi driv, gjer vi dei oppdaterte og relevante for arbeidslivet. Med sine fem campusar står HVL godt for å bidra til innovasjon, utvikling og omstilling av arbeids- og næringslivet i Vestlandsregionen.

Kjenneteiknet skal vere praksisnær forskning og relevante utdanningar, attraktive for studentar og arbeidsgivarar. Som universitet får vi sjølv rett til å opprette og endre studieprogram på alle nivå. Dermed kan vi enklare tilpasse studietilbod til det som er etterspurt i arbeidslivet lokalt og regionalt. Status som universitet vil også styrke oss med tanke på rekruttering av studentar og dyktige tilsette.

I 2021 vil det bli jobba vidare med å kvesse profilen som profesjons- og arbeidslivsretta universitet, og med utkast til søknad om å bli universitet. Målet er i løpet av året å få på plass mest mogleg av dokumentasjonen som skal underbygge søknaden, slik at den så kan bli oppdatert med dei siste tala, gjort ferdig og sendt inn på slutten av 2022. Som universitet skal HVL vera kjenneteikna av at studentane kjem til ein god utdannings-institusjon, og at omverda ser til oss for sterk forskning og utdanning som er relevant for arbeidslivet og samfunnet elles.

Høgskulen vurderer framtidsutsiktene ut frå styrets årsplan, som er retta mot å realisere strategien vår. I årsplanen vert det gjort greie for risikobildet og prioriteringane for kvart av dei fire strategiområda. Framtidsutsiktene peikar på denne måten både mot det vi særleg må ta omsyn til og forbetre, og på handlingsrommet vårt og dei styrkane vi kan utvikle.

Strategiområde 1: Danne og utdanne høgt kompetente kandidatar til beste for samfunnet

Kva må HVL lykkast med og kva kan hindre oss i det?

HVL vurderer den samla risikoen for at vi ikkje når måla våre som middels, men det er fleire risikoområde som er vurdert til å ha høg risiko: 1) HVL må lykkast med å skape gode læringsmiljø, eit aktivt studentdemokrati for studentane og ha tilstrekkeleg omstilling av studietilbodet. Viss HVL ikkje lykkast her, vil det kunne skape ein negativ spiral der mindre tid på campus (i det korte bildet; forsterka av pandemien) gjev større fråfall. Det igjen kan påverke gjennomstrøyinga negativt, som igjen kan medverke til svekka omdømme og lågare studentrekruttering. 2) HVL må lykkast med å utvikle framtidsretta, varierte og

studentaktive lærings- og vurderingspraksisar. Det ville vore ein stor trussel om høgskulen kom i ein situasjon der fagtilsette mangla tilstrekkeleg kunnskap og medvit til å få dette til raskt nok. 3) HVL må lukkast med å levere eit relevant og tilstrekkeleg tilbod for livslang læring (etter- og vidareutdanning og fleksibel utdanning). 4) HVL må lukkast med å gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunns- og næringsliv. Her er det peikt på to ulike risikoområde; det eine er at studentar ikkje får seg jobb etter utdanninga, det andre er at studia i for liten grad har ein eksplisitt internasjonal dimensjon.

Prioriteringar for å nå mål

Verksemdsmål 1.1: HVL skal vera kjent for å ha studentar som trivst og lukkast.

Det er to område som blir prioritert høgst framover. Det eine er å sikre gode læringsmiljø, møteplassar og arenaer for medverknad i ein meir digital studiekvardag, med særskilt merksemd på førsteårsstudentane. Det blir tilsett studentassistentar i 2021. Langsiktige tiltak her er gjennomføring av handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø, og bruken av strategiske midlar på digitalisering. Det andre er å halde fram med den offensive og målretta satsinga på studentrekruttering til alle campus, med ekstra merksemd på utvikling av ein digital rekrutteringsstrategi. I 2019 blei det vedtatt ein felles, overordna studentrekrutteringsstrategi for 2019-2023. I tillegg vart det gjennomført ei studentrekrutteringsundersøking. Høgskulen har dermed langsiktige planar for kva tiltak som vil bli prioritert i åra framover.

Verksemdsmål 1.2: HVL utdannar kritisk reflekterte kandidatar som er attraktive for arbeids- og samfunnsliv regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

For å nå dette målet er det peikt på tre prioriterte område. 1) Sikre at utdanningane er relevante, og det er derfor sett av strategiske midlar til samordning og utvikling av utdanningar. Her er det sentralt å følgje opp dei formelle samarbeidskanalane som er etablert ved etablering og vidareutvikling av studieprogram. 2) Sikre eit relevant og tilstrekkeleg tilbod innan livslang læring (etter- og vidareutdanning og fleksibel utdanning). Det eit eige prosjekt i arbeid, som skal levere forslag til korleis ein kan redusere hindringar og vidareutvikle moglegheiter, for auka aktivitet i livslangt læringsperspektiv. Det er også sett av øyemerka, strategiske midlar. Dette handlar både om organisering, studietilbod, bruk av digitale løysingar og marknadsføring. 3) Det tredje området handlar om internasjonalisering, og har to vinklingar: Den eine er å sikre at alle studentar får ein internasjonal dimensjon i studieprogrammet ved å ha merksemd på opplæring og utvikling av verktøy for internasjonalisering av læringsutbytte, og det andre er å arbeide for auka utveksling, og prioritere satsing på Erasmus+ avtalar. Det blir her mellom anna viktig å styrke internasjonalt utdanningssamarbeid ved bruk av gjesteforelesarar, bi-rettleiing, og virtuell utveksling (t.d. COIL), og sikre at læringsutbytte og pensum speglar internasjonalt mangfald.

Mål 3.1 i revidert utviklingsavtale: HVL skal utvikle framtidretta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengelege for samfunns- og arbeidsliv.

Det viktigaste framover blir her å sikre kultur- og kompetansebygging ved at fagtilsette får avsett tid og ressursar til opplæring og har gode arenaer for erfaringsdeling.

Mål 3.2 i revidert utviklingsavtale: HVL vil aktivt søke samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar, spesielt der institusjonane har komplementær kompetanse. Eit særskild samarbeid med institusjonar på Vestlandet vil bidra til auka konkurransekraft i heile regionen.

Høgskulen skal prioritere og vidareutvikle arbeidet i etablerte samarbeidsforum. Mellom dei viktigaste er UH-nettvest (Universitets- og høgskolenettet på Vestlandet), kompetanseforum

Vestland og kompetanseforum Nord- Rogaland. Samarbeidet med Universitetet i Bergen om lærarutdanning skal halde fram.

Strategiområde 2: Drive forskning, utviklingsarbeid og innovasjon av høg internasjonal kvalitet

Kva må HVL lykkast med og kva kan hindre oss i det?

HVL vurderer også her den samla risikoen for at vi ikkje når måla våre som middels, men det er fleire risikoområde som er vurdert til å ha høg risiko. Ein må lykkast med å sikre ekstern finansiering, og å drive profesjons- og praksisretta forskning av høg internasjonal kvalitet i samarbeid med næringsliv og offentleg sektor. Her blir det peikt på tre konkrete risikoområde, som heng saman: 1) Det er ikkje tilstrekkeleg støttekapasitet korkje til å utvikle søknader om ekstern finansiering og til gjennomføring av innvilga prosjekt. 2) Dette kan medverke til at det blir sendt for få søknadar av god nok kvalitet, som igjen 3) kan føre til for dårleg tilslag på søknader til NFR og EU og manglande ekstern finansiering.

Prioriteringar for å nå mål

Verksemdsmål 2.1: HVL driv profesjons- og praksisretta forskning av høg internasjonal kvalitet i samarbeid med næringsliv og offentleg sektor

HVL må prioritere å utvikle ei meir solid forskarutdanning, og sikre god gjennomstrøyming i ph.d.-programma. Vidare skal ein prioritere tiltak som aukar veksten i ekstern finansiering av forskning, internasjonalisering og innovasjon og tiltak for å auke den vitskaplege publiseringa. Merksemda på open forskning skal også aukast.

Verksemdsmål 2.2: HVL har styrka internasjonalt samarbeid om forskning, utviklingsarbeid og innovasjon

Det er tre område som særleg skal bli prioritert framover. Det eine er å i større grad delta i internasjonale nettverk og partnerskap knytt til våre satsingsområde. Det andre er å arbeide strategisk med internasjonalisering i heile organisasjonen. Styret har vedteke ein handlingsplan for internasjonalisering, som vil styre prioriteringa av tiltak knytt til fleire av måla våre i fleire år framover. Det tredje området er å auke bruken av digitale løysingar og verktøy i internasjonaliseringsarbeidet.

Det vil i løpet av 2021 bli utarbeidd eigne handlingsplanar for innovasjon og entreprenørskap, og for forskning og utvikling.

Mål 2.1 i revidert utviklingsavtale: HVL vil aktivt arbeide med å auke delen tilsette med fyrstekompetanse og professor- og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Det er også viktig å ha tilsette med solid arbeidslivserfaring. Den samla kompetansen skal byggjast saman med samfunns- og arbeidsliv.

Høgskulen har to tydelege prioriteringar knytt til dette målet. Det eine er å gjennomføre interne kompetanseutviklingsprogram. Det andre er rekruttering av første- og toppkompetanse i samsvar med den vedtekte tilsettingspolitikken. Det er sett av øyremerka, strategiske midlar til kompetansehevingsstipend.

Mål 1.3 i revidert utviklingsavtale: HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos høgskulens samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon.

Tre område vil bli særleg prioritert framover. 1) Vidareutvikle linjeansvar og struktur for innovasjon og nyskaping, og samtidig bidra til at samspel og innovasjon blir ein meir

integrert del av all vår faglege verksemd. 2) Leggje til rette for innovasjon og at forskingsresultat blir brukt, og 3) setje i verk nye retningslinjer og politikk for IPR (politikk for sikring og forvaltning av immaterielle rettar), som vil bli vedtatt tidleg i 2021.

Mål 2.2 i revidert utviklingsavtale: HVL vil aktivt arbeide med å sikre høg internasjonal kvalitet i forskingsaktiviteten, gjennom meir internasjonalt prosjektarbeid og auke vitenskapelig publisering. Målet er å vere på nivå med dei norske universiteta med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

HVL prioriterer her tiltak for å auke tildelinga frå forskings-, utdannings-, og innovasjonsprogram, og å vere ein meir synleg aktør i utvalde faglege og institusjonelle fora. Konkrete tiltak vil vere å heve fagleg og administrativ kompetanse innan ekstern finansiering og søknadsarbeid, utvikle EU-prosjekt saman med regionale og internasjonale partnarar og å legge til rette for samarbeid på tvers av fakultet.

Strategiområde 3: Formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse

Kva må HVL lykkast med og kva kan hindre oss i det?

HVL vurderer også her den samla risikoen for at vi ikkje når måla våre som middels, men det er fleire risikoområde som er vurdert til å ha høg risiko. Det som kjem ut med høgast risiko, er knytt til å lykkast med ekstern samhandling. For det første handlar det om å lykkast med å utvikle kunnskap i partnaraskap med samfunns- og arbeidsliv. Eit sentralt risikoområde her er at intern kompetanse ikkje bidrar til utvikling i arbeidslivet, eller ikkje blir sett på som relevant. For det andre må høgskulen lykkast med å kople saman erfaringsbasert- og forskingsbasert kunnskap. Eit sentralt risikoområde her er manglande oversikt over dei rette nettverka og klyngene, eller at ein ikkje har kapasitet til å delta i nettverk og klynger.

Prioriteringar for å nå mål

Verksemdsmål 3.1: Gjennom samhandling, deltaking og dialog fangar HVL opp aktuelle problemstillingar, og er ein relevant samarbeidspartnar for arbeids- og samfunnsliv.

Høgskulen har tre målretta prioriteringar framover. 1) Velje ut sentrale klynger og nettverk og sikre systematisk oppfølging. 2) Gjennomføre profileringskampanjar regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og her er det tilført øymerka, strategiske midlar. 3) Utvide kunnskapsgrunnlaget for universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil gjennom HVL-konferansen. Det er øymerka midlar til fleire strategiske samhandlingstiltak.

Verksemdsmål 3.2: HVL involverer relevante brukarar i kunnskapsutvikling.

Her er den viktigaste prioriteringa å setje høgskulen betre i stand til å involvere brukarar, gjennom å sikre insentiv og kapasitet for samarbeid og samskaping i arbeidslivsdrivne prosjekt.

Mål 1.1 i revidert utviklingsavtale: HVL skal styrke praksisnær utdanning og forskning- og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverkssamarbeid med regionalt samfunns- og arbeidsliv. Entreprenørskap, innovasjon og kommersialisering gjennom tverrfagleg og tverrfagleg samarbeid er berande element.

Det er prioriteringar og tiltak under andre mål, som også bidreg til at høgskulen når dette målet. I tillegg skal ein implementere samhandlingsportalen som verktøy for profesjonalisering av samarbeid eksternt og informasjonsdeling internt og leggje til rette for samarbeid internt om å finne strategiske møteplassar knytt til alle studiestader, bruke kompetansen i HVL på tvers av studiestadar og einingar og samarbeide med lokale aktørar

om entreprenørskap og innovasjon. HVL vil i 2021 vurdere kostnader og gevinstar ved alumni som ordning, og korleis alumni kan realiserast.

Mål 1.2 i revidert utviklingsavtale: HVL vil stimulere til auka relevans i utdanning og forskning i samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.

Ei særleg viktig prioritering er å systematisk analysere kunnskapsgrunnlag for regional utvikling for å sørge for at høgskulen er ein attraktiv tilretteleggjar av kompetanseutvikling, og får politisk gjennomslag.

Strategiområde 4: Bygging av HVL

Risiko; kva må HVL lykkast med og kva kan hindre oss i det?

HVL vurderer den samla risikoen for at vi ikkje når måla våre som middels, men det er to risikoområde som er vurdert til å ha høg risiko. Det eine er påverknaden av pandemien, og dette har fleire fasettar: 1) Pandemisituasjonen hindrar gjennomføring av planlagde tiltak og drift. Noko som igjen hindrar HVL i å nå mål. 2) Konsekvensane av pandemien for dei tilsette og kva dette gjer med arbeids- og læringsmiljøet. 3) Gevinstar ikkje kan hentast ut fordi pandemisituasjonen skiplar gjennomføringa av konkrete prosjekt, mellom anna for organisasjonsutvikling og campusutvikling.

Det andre risikoområdet er knytt til campusutvikling, og at HVL ikkje har eit tilstrekkeleg system for å ta i mot internasjonale tilsette.

Prioriteringar for å nå mål

Verksemdsmål 4.1: HVL skal vera ein berekraftig, effektiv og lærande organisasjon.

Sentrale prioriteringar framover: 1) Utvikle og utnytte digitale løysingar meir effektivt, knytt til utdanning, forskning og administrasjon. Det er her fleire prosjekt som har fått tilført øyemerka, strategiske midlar. 2) Utvikle ein meir måltilpassa fagleg struktur, med tydelege administrative tenester for å understøtte den faglege verksemda. 3) Ta ei tydeleg rolle for samhandling med våre omgjevnader, og delta aktivt i samskaping av kunnskap i regionen.

Verksemdsmål 4.2: HVL skal ha eit godt og stimulerande arbeids- og læringsmiljø på alle campus.

Det vil bli prioritert å: 1) vidareutvikle ordningar og system for strategisk kompetanseutvikling og tilsetterekruttering, vidareutvikle og forbetre det systematiske HMS-arbeidet, vidareutvikle arbeidsgjevarpolitikken og styrke innsatsen på å rekruttere internasjonalt.

Mål 1.4 i revidert utviklingsavtale: HVL ser robuste campus og relasjonane mellom dei som sentrale verkemiddel i utviklinga av kjerneoppgåvene, på same måte som struktur-, kultur- og teknologiutvikling. Målet er å vidareutvikle campusane som attraktive arbeids- og studiestader.

Som fleir-campus høgskule er campusutvikling særskild viktig for oss. Det skal gjennomførast eit eige campusprosjekt der berekraftige og levande campusar, tydelege profilar som arbeids- og samfunnsliv har eigarskap til, og integrering og internasjonalisering blir viktige premiss.

Budsjett 2021 med strategiske prioriteringar

Kunnskapsdepartementet løyvde 2 172 906 000 kroner, over kap. 206 post 50, til Høgskulen på Vestlandet.

Saldert budsjett for 2020 (beløp i hele 1 000 kr)	2 054 968
ABE-reform	-12 433
Prisjustering	65 428
Vidareføring av studieplassar gitt 2019-2020	33 843
5. året på lærarutdanninga	15 041
Rekrutteringsstillingar	4 958
Resultatbasert utteljing	12 809
Reduksjon statens innkjøpssenter og Udir	-1 708
Tildeling 2021	2 172 906

Tabell 16: Budsjett 2021

Hausten 2017 vedtok høgskulestyret en ny intern budsjettfordelingsmodell som fordeler løyvinga frå KD i 5 forskjellige modular:

1. Strategiske midlar
2. Resultatfinansiering
3. Basisfinansiering
4. Fagleg og administrative støttetjenester
5. Felles institusjons- og infrastrukturkostnader

I budsjettet for 2021 er det gjort koplingar mellom strategiske midlar og konkrete tiltak i årsplanane. Den strategiske avsetjinga er på 40 mill. kr.

Modul 2, resultatdeling frå KD knytt til studiepoengproduksjon og kandidatar, blir tildelt med 80 % effekt direkte til fakulteta. Dei resterande 20 % går til å dekke felles institusjonskostnader og fellesadministrasjon. Resten av resultatindikatorane frå KD blir fordelt 100 % direkte til fakulteta. Modul 3, basismidlar blir fordelt til fakulteta basert på tal på og finansieringskategori på studieplassar tildelt frå KD.

Eining/tiltak	Budsjett
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	412 205 932
Fakultet for helse- og sosialvitskap	314 590 000
Fakultet for ingeniør- og naturvitskap	269 364 020
Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap	111 826 040
Realbudsjett administrasjon	316 328 383
Institusjonskostnader og ikkje fordelte midlar	748 591 625
Total KD-løyving (kap. 260)	2 172 906 000

Tabell 17: Budsjett 2021 spesifisert

Av dette er det budsjettert om lag 71 % til lønnskostnader og om lag 29 % til andre driftskostnader. Av driftskostnadene utgjer husleige om lag 60 %, og er budsjettert til 381,4 mill. kr.

I tillegg kjem øymerka midlar frå KD som blir direkte fordelt til området dei er øymerka til. For 2021 gjeld dette midlar til grunnutdanning i tolking for offentlig sektor, totalt 2,83 mill. kr., og utvikling og drift av partnerskap i lærarutdanningane, 9,27 mill. kr.

Høgskulen hadde per 31.12.2020 avsetjingar på 336,4 mill. kr. Store delar av dette er midlar knytt til ordinær utsett verksemd. Om lag 30 mill. kr. er avsett til påbegynte investeringar i

campus- og byggoppgraderinger, og 30 mill. kr. er avsett til nye oppgraderingar og campusutviklingstiltak. Anna disponering blir behandla i styret i mars 2021.

Strategiske midlar

I budsjettet er det sett av 40 mill. kr. til strategiske midlar. Unytta strategiske midlar løyvd i 2020 blir vidareført til 2021 til dei tiltaka som dei var løyvd til. Dei endelege rammene for dette vil bli lagt fram for styret i saka om endeleg budsjett i mars. Det er viktig å balansere nokså langsiktige strategiske satsingar samtidig som midlane i minst mogleg grad blir bundne opp i faste varige driftskostnadar.

I strategien er det vedtatt fire innsatsområde for perioden. Desse er ikkje mål i seg sjølve, men kritiske suksessfaktorar for realisering av HVL sine mål. Innsatsområda er:

- Kompetansebygging
- Organisasjonsutvikling og samhandling
- Internasjonalisering
- Digitalisering

Dei strategiske midlane blir i hovudsak tildelt tiltak innanfor kompetanseheving, organisasjonsutvikling og digitalisering. Enkelte tildelingar er knytt til tiltak, mens andre førebels er meir opne. Midlane skal brukast til mellom anna kompetanseheving, livslang læring, samkøyring og utvikling, økt mobilitet samt diverse digitaliseringstiltak. Fakulteta er tildelt om lag 19 mill. kr. av dei strategiske midlane, men vil bli tildelt meir i løpet av året.

Universitetsambisjonen er høgskulen si største strategiske satsing, og det er i tillegg til dei strategiske midlane tildelt midlar til ekstra post.doc- og professor II-stillingar i 3 år knytt til denne satsinga.

Kapittel VI Årsrekneskap



Høgskulen på Vestlandet

LEIARKOMMENTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2020

Stadfesting

Høgskulen på Vestlandet gjennomfører statsoppdraget innanfor dei rammer som departementet har satt for institusjonen i løyvingsbrev for 2020. Rekneskapen gir eit dekkande bilde av HVL sine rekneskapsførte inntekter, utgifter, eigendeler, verksemdskapital og gjeld. Det har ikkje vore tilhøve av vesentleg verknad for høgskulen sitt resultat og økonomiske stilling etter rekneskapsperioden sin slutt. Rekneskapen er avlagt i samsvar med bestemmelsar om økonomistyring i staten, reglane i dei statlege rekneskapsstandardane samt rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement. Leiarkommentaren er satt opp i høve til dei rapporteringspunkt som er gitt av departementet i brev av 05.12.2019, 23.04.2020, 26.08.2020 og 27.11.2020.

Institusjonens revisor er Riksrevisjonen.


Avvik mellom budsjett og rekneskap og vurdering av institusjonen si drift i perioden

Høgskulen hadde budsjettert med eit negativt driftsresultat for 2020 på om lag -90 mill. kr., men resultatet vart 47,4 mill. kr. Planen var å redusere dei høge avsetningane ved og auke aktiviteten til øymerka satsingar og store investeringar knytt til Kronstad II. Desse investeringane er gjennomført, men man har samtidig hatt ei innsparing på grunn av Covid-19. Auka aktivitet og andre satsingar er noko utsett i tid, då heile institusjonen har hatt hovudfokus på gjennomføring av undervisning, vurdering, praksis innanfor dei rammene som Covid-19 har medført.

Totalt har Høgskulen på Vestlandet inntekter på 2,3 mrd. kr., og av dette utgjer løyving frå KD 88,2%. Tilskot/overføringar frå andre utgjer 8,7% og 3,1% er sals-, leige- og andre inntekter i 2020. Inntektssida er auka med 2,6% og skuldast auka løyving frå KD og auke i eksterne inntekter i høve 2019. HVL har ein reduksjon i sals- og leigeinntekter i 2020 som i all hovudsak skuldast at det i 2019 blei avslutta gamle oppdragsprosjekt. Den samla bidrags- og oppdragsfinansierte verksemda (BOA) utgjer 224 mill. kr., som er ein auke på 12 mill. kr. samanlikna med 2019.

Samanliknar vi inntektene mot budsjettet for 2020, hadde HVL budsjettert med totale inntekter på 2,26 mrd. kr. Dette gir eit avvik på 35 mill. kr. og utgjer ein differanse på 1,6%. Avviket skuldast tilleggsløyvingar frå KD og auka aktivitet i høve budsjett både for oppdrags- og bidragsprosjekt.

Figur1




Totale driftskostnader utgjer 2,3 mrd. og dette utgjer ein auke på om lag 1,7% i høve til fjoråret.

Løn- og sosiale kostnader har auka med 3,1% og utgjer no 65,8% av dei totale driftskostnadene og for 2019 utgjorde dette 64,3%. Det er ein auke i fastløn, noko som er naturleg, sidan HVL har hatt ein auke på 81 årsverk frå 2019 til 2020. Det har likevel vore eit mindreforbruk i høve budsjett, noko som er relatert til korona og at tilsettingar har blitt utsett i tid. Det er ein nedgang i utbetalingar til eksamensvakter, gjesteforelesarar, timelærarar, ekstrahjelp og vikarar i høve fjoråret. Vidare er det ein auke i refusjon av sjukepengar frå NAV frå 2019 til 2020, men sjukefråværet har gått ned. Dette kan forklarast med endra refusjonsreglar i samband med Covid-19 som ikkje påverkar sjukestatistikken.

Andre driftskostnader er redusert med 1,7% i høve til 2019. Dei samla husleigekostnadane har auka med 5,2% i perioden, og skuldast auka leigekostnader i samband med innflytting i Kronstad II. Totale husleigekostnader utgjer om lag 16,3% av dei totale driftskostnadane. For 2021 vil heilårs effekten av husleigekosten for Kronstad II gje ytterlegare auke i husleigekostnader.

Reduksjon i andre driftskostnader skuldast ein reduksjon i reise- og møtekostnader, kurs og seminar og kjøp av undervisningstenester. Dette som ein konsekvens av reiserestriksjonar i samband med Covid-19, men og fordi vedtatt satsingsområde er utsett i tid på grunn av pandemien.

Figur2



Innskot i statens konsernkonto er auka med 66 mill. kr. sidan 31.12.2019, og bankinnskot utgjorde 899 mill. kr. ved periodens slutt. Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) er på 1,7 og er på same nivå som 31.12.2019.

HVL har selt aksjane i Better Player AS for kr 44.160,-, dette gav eit tap på kr 100.845,- som er ført som finanskostnader, og kr 145.005,- er tilbakeført til verksemdskapital. Ved verdsetting av aksjar i selskap som HVL har eigarinteresser i, er det nedskrive aksjar til verkeleg verdi med 1,2 mill. kr. HVL har i tillegg kjøpt aksjar for 0,8 mill. kr. i Vestlandets Innovasjonsselskap AS.

Oppsummering: Høgskulen sin økonomiske stilling er framleis god, avsetningane er noko høge og likviditeten er på eit tilfredsstillande nivå. Direkte sparte kostnader som følgje av Covid-19 er foreløpig stipulert til om lag 50 mill. kr. Andre innsparingar er knytt til utsett aktivitet då fokus har vore å gjennomføre tilfredsstillande undervisning og eksamen for studentane. HVL har ressurskrevjande strategiske prioriteringar og nye lokalar med auka husleigekostnader gjer det viktig med stram styring framover.

Utvikling i avsett del av løyvingfinansiert aktivitet

31.12.2020 har HVL 336,4 mill. kr. i avsette midlar av KD-løyvinga. Ved utgangen av 2019 hadde HVL ein avsetnad på kr 295,7 mill. kr., noko som gjev ein auke på 40,7 mill. kr. Avsetningsnivået per 31.12.2020 utgjer 16,1% av den totale løyvinga for 2020 og for 2019 utgjorde dette 14,7%.

Tabell 1

Avsetningar	31.12.2020	Avsetning i % av KD løyving 2020	31.12.2019	Avsetning i % av KD løyving 2019
Avsett til andre formål	258 163	12,3 %	192 283	9,6 %
Avsett til investeringar	78 245	3,7 %	103 421	5,1 %
Sum avsett	336 409	16,1 %	295 704	14,7 %

(Alle tal i heile tusen)

Avsetningane er splitta i to hovudkategoriar, avsett til investeringar og avsett til andre formål. Avsett til investeringar er vedtatt i styre. Avsetningane knytt til Kronstad II i Bergen er vesentleg redusert no når bygget er ferdigstilt. Det står framleis igjen ein avsetning under påbegynte investeringar på 4,9 mill. kr., då ein forventa fakturaer i 2021 som vedkjem bygget. Avsett til andre påbegynte investeringar 22,6 mill. kr er oppgradering av bygningsmassen på dei fem campusane i Haugesund, Stord, Bergen, Sogndal og Førde. Ikkje igangsette investeringsprosjekt er 20,7 mill. kr til dykkarutdanninga og i budsjettet for 2021 blei det vedtatt ein investeringspakke på 30 mill. kr som skal dekkast av avsetningar.

Avsett til andre formål utgjer pr 31.12.2020 255,3 mill. kr og har auka med 65,9 mill. kr. sidan 2019. Auken skuldast innsparing og utsett aktivitet på grunn av Covid-19 og løyvingar gitt av departementet til øyremerkta tiltak som ikkje er igangsett. Gjennom 2021 vil det vere høgt fokus på å redusere avsetningsnivået i tråd med retningsliner frå KD.

Oppsummering: Høgskulen har mål om og planar for å redusere avsetningsnivået. Dette gir HVL nye mulegheiter til framtidige investeringar. Her har HVL alt starta eit løp og vedtatt ein investeringspakke på 30 mill. kr. og henta midlane frå årets avsetningar. Som følge av Covid-19 er planlagt aktivitet utsett i tid og tiltak i samband med HVL si satsing for å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet innan 2023 er ressurskrevjande og vil redusere avsetningsnivået.

Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

Høgskulen har i 2020 hatt investeringskostnadar på 124,4 mill. kr. (70,5 mill. kr i 2019). Dei største investeringane som er utført er i samband med inventar og IT/AV utstyr til Kronstad II. Høgskulen overtok Kronstad II i april og det ser ut for at kostnadane vil bli om lag 10 mill. kr. lågare enn budsjettet.

Innsparingane HVL har hatt i samband med koronapandemien har resultert i omprioriteringar og auka investeringane til IT/AV utstyr og investering knytt til gjennomføring av digital undervisning og eksamen. Det er og sett i gang eit arbeid med ombygging av eksisterande lokale for å få ei betre utnytting av desse.

I budsjettet for 2021 er det innarbeida ei investeringspakke 30 mill. kr. til fornying av utdannings- og forskingsutstyr, campusutviklingstiltak og berekraft samt byggoppgradering og miljøtiltak som skal dekkast av avsetningar frå 2020.

Det er og planlagt investeringar til dykkarutdanninga der det er avsett investeringsmidlar 20,7 mill. kr.

Utredningsarbeid i forhold til vurdering av nytt bygg i Haugesund er også iverksett. I tillegg er det tilsett prosjektleiar for campusutviklingsprosjektet som skal sjå på den fysiske strukturen på campusane, men som også skal vere med på å skape identitet og bygge opp under omdømmet til HVL. Denne avsetninga på 38,1 mill. kr er difor ikkje plasser under investeringar, men under vedtatt, ikkje igangsette prosjekt og oppgåver.

Oppsummering: For HVL med sine fem campusar er campusutvikling kostnadskrevjande. Det blir jobba med ein investeringsplan med mål om styrevedtak i 2021. Investeringsplanen skal omfatte ein framtidig plan for HVL innan bygg og anlegg, men og innehalde ein plan for fakulteta til å investere i vitssapeleg utstyr, digitalisering og utvikling av læringsmiljø.

Det blir elles vist til rekneskapen 2020 med tilhøyrande notar.


Gunnar Yttri, rektor

Dato
10.03.2021

Arvid Hallén (styreleiar)




Aina Berg
